

Masteroppgåve

NTNU
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for historiske studier

Hildegunn Maria Haanes Ruset

«Kan eg få låne?»

ei undersøking av lån som verktøy for
tilgjengeleggjering av før-reformatoriske
gjenstandar mellom norske museum

Masteroppgåve i Kulturminneforvaltning

Veileder: Aud Mikkelsen Tretvik

Mai 2020

«Kan eg få låne?» ei undersøking av lån som verktøy for
tilgjengeleggjering av før-reformatoriske gjenstandar mellom
norske museum

Hildegunn Maria Haanes Ruset

Vegleiar: Aud Mikkelsen Tretvik

Masteroppgåve i kulturminneforvaltning

Trondheim, våren 2020

Forord

Sidan eg var lita har gjenstandar hatt ein effekt på meg. Å sjå og halde ein gjenstand frå ei anna tid satt alle sansane mine i sving: lukt, hørsel, minne, fantasi. Dette var det emosjonelle utgangspunktet for valet eg tok om å bli arkeolog. I mi ”første studietid” kombinerte eg interessa av å kunne lese historie frå gjenstandar, med eit sterkt engasjement for Midtausten som region. Å jobbe med arkeologi i Midtausten tydeleggjer på det sterkaste kor viktig kulturarv er for notidige samfunn. I det store i biletet, i ei verd som brenn og ulmar, er det lett å avskrive kulturarv og forvaltning av denne som eit overskotsprosjekt som må vike for større og viktigare saker. Men i møte med menneske i krise ser ein nettopp at kulturarv er viktig: for dei som vil skape splid og uro og for dei som vil bygge bruver og skape fred.

Kulturarven er politisert, nettopp fordi den heng så tett saman med identitet og narrativ om individ og samfunn. I kulturminneforvaltning ved NTNU møttest alle hjerne og hjartesakene mine i eit studieprogram! Dei arkeologiske gjenstandane vart satt inn i ein større samanheng og eg fekk sjå gjenstandsforvaltninga frå ein ny ståstad. Som feltarkeolog opplevde eg ofte at samfunnet kjente det som at deler av det norske forvaltningssystemet braut med demokratisk praksis når gjenstandar vart tatt frå funnkontekst og inn i museumssamling. Dette var i stor grad utgangspunkt for val av tema til denne oppgåva. Ein kan seie at eg har følgt gjenstandane frå felt vidare inn i forvaltningssystemet. Eit av dei inntrykka eg sitt sterkest att med etter studieløpet, er musea sitt enorme, og tilsynelatande stadig veksande samfunnsoppdrag som forvaltarar av gjenstandar som del av vår felles kulturarv. Arbeidet med denne oppgåva har gitt meg større innsikt og kjennskap til norsk museumslandskap og det har vore eit spanande og givande prosjekt!

Tusen takk til respondentane ved Kulturhistorisk museum, Lom Fjellmuseum og Maihaugen. Takk for tålmod med ein fersk og engasjert forskar, takk for gode og interessante samtaler og innsikta de har gitt meg inn ifeltet.

Takk også til familien min: Ole Jørgen og Hanna Frid som har teikna, rota og sett på TV bak arbeidspulsen min i timesvis medan eg har hamra på tastaturet (koronatid med heimekontor og heime-barnehage!). Takk til Lars som har rydda kalender og hus både kvardag og helg så eg har fått jobbe. Takk til besteforeldre og øvrig familie som har bidrige med å gi barna gode opplevingar og stimuli når dei har trengt nokre ekstra vaksne!

Det har vore ei glede å være del av fagmiljøet som student ved kulturminneforvaltning ved NTNU. Det er eit privilegium å få dykke djupt inn i eit tema, med kyndig vegleiing og fagfellesskap med masterkollegaer. Takk til med-studentar for gode seminar med nyttelege innspel i prosessen. Takk til vegleiar Aud Mikkelsen Tretvik som har delt av sin innsikt i forskingsprosessen og bidrige med stor kunnskap om tema. Å ha ein vegleiar som har vist engasjement og tillit til meg som student har bidrige stort til at eg no kjenner på eit vemod ved å være ferdig med masterløpet – eg skulle gjerne haldt fram!

Takk for meg!

Hildegunn Maria Haanes Ruset
Våren 2020

Innhold

FORORD	2
LISTE OVER FIGURAR	4
LISTE OVER TABELLAR.....	4
1. "KAN EG FÅ LÅNE?" – EIT SENTRALT SPØRSMÅL FOR NORSK GJENSTANDSFORVALTNING	5
FORSKINGSSPØRSMÅL.....	8
OM OPPGÅVA	9
2. TILGJENGELEGGJERING AV GJENSTANDAR SOM VERKTØY TIL DEMOKRATISK KULTURMINNEFORVALTNING.....	11
KULTURARV – POLITISERING AV HISTORIA	11
MUSEET SOM FORVALTNINGSORGAN	13
KVA ER EIN GJENSTAND	16
TILGJENGELEGGJERING	22
OPPSUMMERING AV KAPITLET	27
3. METODE.....	29
VAL AV METODISK TILNÆRMING	29
UTVAL – MUSEUMSPOLITISKE DOKUMENT	29
UTVAL - MUSEA	31
REFLEKSJON RUNDT UTVAL	34
GJENNOMFØRING AV DATAINNSAMLING	35
ALTERNATIV TILNÆRMING TIL PROBLEMSTILLINGA	39
OPPSUMMERING AV KAPITTELET.....	40
4. LÅN SOM VERKTØY FOR TILGJENGELEGGJERING	41
TILGJENGELEGGJERING - EIT SETT MED VERKTØY	41
UNIVERSITETSMUSEA OG DEN GEOGRAFISKE DIMENSJONEN VED TILGJENGELEGGJERING.....	53
LÅNEPRAKSIS ETTER DEMOKRATISKE PRINSIPP	62
OPPSUMMERING AV KAPITLET	70
5. OPPSUMMERING OG KONKLUSJON	71
LITTERATUR- OG KJELDELISTE.....	75
ARKIVKJELDER	77
LISTE OVER VEDLEGG	77
OVERSIKT OVER RESPONDENTAR VED MUSEA I UTVALET OG GJENNOMFØRTE INTERVJU.....	77
LISTE OVER FORKORTINGAR	78

Liste over figurar

Figur 1 Kart som viser dei fem universitetsmusea og deira geografiske nedslagsfelt.....	7
Figur 2 Kart som viser universitetsmusea i deira geografiske nedslagsfelt, samt avstand og reiseveg mellom universitetsmusea og delar av deira nedslagsfelt	55
Figur 3 Kart som viser KHM, Maihaugen og Fjellmuseet i Lom. Kartet illustrerer den geografiske dimensjonen av museumsnettverket.....	58
Figur 4 Illustrasjon som synleggjer gangen i ein låneprosess.....	63

Liste over tabellar

Tabell 1 Tabell som viser korleis universitetsmusea synleggjer utlån som teneste på sine nettsider.....	66
Tabell 2 Tabell som viser kostnadsfordeling mellom utlåns- og innlånsinstitusjon i ein låneprosess mellom museum	69

1. "Kan eg få låne?" – eit sentralt spørsmål for norsk gjenstandsforvaltning

I magasina til dei fem universitetsmusea i Norge ligg det eit stort og viktig kjeldemateriale som utgjer ein sentral del av grunnlaget for historieskrivinga vår på individ- og samfunnsnivå.

Det norske forvaltingssystemet gir dei fem universitetsmusea, i høvesvis Tromsø, Trondheim, Bergen, Stavanger og Oslo, ei særstilling ved at dei har ansvar for- og plikt til å forvalte alle før-reformatoriske gjenstandar i sine geografiske nedslagsfelt.

Innsamlingspraksisen er regulert av *kulturminnelova*, men når gjenstandane har blitt del av ei museumssamling er ikkje forvaltinga lengre lovregulert. Musea sin praksis er regulert av *politiske føringar* og er i stor grad retta mot å oppfylle det *samfunnsoppdraget* som er gitt musea gjennom desse føringane, samt museumsfaglege føringar. Ei av kjerneoppgåvene i samfunnsoppdraget er *tilgjengeleggjering* av samlingane dei forvaltar. Tilgjengeleggjering er ikkje eitt verktøy, men eit samleomgrep som omhandlar fleire verktøy kor målet er at samfunnet skal få tilgang til gjenstandane. Dei fem universitetsmusea har ansvar for nedslagsfelt av ulik storleik, som til saman dekker landet.¹ Dette vil sei at ein stor del av befolkninga i fleire av nedslagsfelta bur geografisk langt vekk frå musea som ligg sentralt i større byar. Det er derfor nærliggande å spørje korleis desse musea møter forventinga om tilgjengeleggjering til *heile* samfunnet, ikkje berre dei som bur i nær museumsbygningane. I st.meld. 49 (2008-2009) Framtidas museum står det:

Det må legges til grunn at museumssamlingene betraktes som en felles ressurs og at museene må være åpne for å låne ut deler av samlingene til andre.²


Lån frå universitetsmuseum til museum i andre deler av landet er eit verktøy for å tilgjengeleggjere gjenstandar til ein større del av samfunnet. Dei over 60 konsoliderte regionsmusea i Norge utgjer eit geografisk og fagleg nettverk av institusjonar som gjennom låneprosessar kan bidra til å svare til samfunnsoppdraget for både seg sjølv og universitetsmusea. Denne oppgåva skal sjå nærmare på lånepraksis mellom norske museum gjennom denne problemstillinga:

¹ I tillegg til universitetsmusea har Sjøfartsmuseet i Bergen og Norsk Maritimt Museum i Oslo ansvar for arkeologiske kulturminner under vatn. Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) har ansvar for middelalderarkeologi i Norges åtte middelalderbyar, samt kloster, kyrkjer og borganlegg.

² St.meld. 49, s.92

Kva føringar legg dei museumspolitiske dokumenta for lånepraksis mellom norske museum, korleis tolkar musea desse føringane og korleis påverkar dette låneprosessar i praksis?

Universitetsmusea er fullfinansert av det offentlege, i motsetning til dei fleste museum i Norge som er private institusjonar med offentleg driftsstøtte. Dette sett dei og i ei særstilling med tanke på å oppfylle samfunnsoppdraget på vegne av eit større nedslagsfelt enn det geografiske nærmiljøet. Eg har avgrensa fokuset til eitt universitetsmuseum, Kulturhistorisk museum i Oslo, og to regionsmuseum, Fjellmuseet i Lom og Maihaugen på Lillehammer.



Figur 1 Kart som viser dei fem universitetsmusea og deira geografiske nedslagsfelt.

Utstilling i museet er tradisjonelt hovudverktøyet for tilgjengeleggjering ved musea. For universitetsmusea som skal nå vidt geografisk er det andre verktøya for tilgjengeleggjering tas i bruk. Dei seinare åra har det vore stort fokus på digitalisering av fysiske samlingar. Det er derimot anerkjent både museumspolitisk og museumsfagleg at digitalisering ikkje erstattar tilgjengeleggjering av autentiske gjenstandar. For å tilgjengeleggjere autentiske gjenstandar utanfor universitetsmusea sine bygningar er utlån og vandreutstilling relevante verktøy. Tilgjengeleggjering er altså eit sett med verktøy som nyttast parallelt ved musea, for å belyse lån som verktøy må ein også sjå på forholdet lån har til øvrige verktøy.

Det var i praksisperioda mi ved Gudbrandsdalsmusea at eg fatta interesse for utlån som verktøy. Ei av oppgåvene mine i praksisperioda var å starte ein låneprosess kor Gudbrandsdalsmuseet ønska å låne før-reformatoriske gjenstandar frå Kulturhistorisk museum i Oslo. Samtlege gjenstandar dei søkte om er funne på Hundorp i Sør-Fron, og vil gjennom innlån komme nærmare funnkontekst. Gjenstandane er kjent i området og i følge Gudbrandsdalsmusea har det kome sterke signal i lokalmiljøet om at dei ønskete å syne fram gjenstandar som er knytt til ei mykje fortalt narrativ om Dale-Gudbrand og kristningsmøte på Hundorp.

Arbeidet gav meg innblikk i eit system som krev både fagkompetanse og økonomiske middel for å kunne gjennomførast, både frå innlåns og utlånsinstitusjon. Dette var dette som i stor grad vekte interessa mi for å få større innsikt i kva politiske føringar musea jobba med i arbeidet med lån mellom musea.

Forskingsspørsmål

For å belyse problemstillinga sett eg fram tre påstandar med tilhøyrande forskingsspørsmål:

1. Tilgjengeleggjering av gjenstandar er del av museet sitt samfunnsoppdrag og eitt av kjerneområda til museal praksis i tråd med sentrale museumspolitiske dokument
 - a. Korleis blir dei ulike verktøya for tilgjengeleggjering framstilt og vektlagt i dei sentrale museumspolitiske dokumenta og dei institusjonsstrategiske dokumenta?
 - b. Kva føringar ligg for lån som verktøy i sentrale museumspolitiske dokument og institusjonsstrategiske dokument?

2. Universitetsmusea i Norge har eimerett og eineansvar til forvaltning av før-reformatoriske gjenstandar. Dei har derfor også ansvar for å tilgjengeleggjere gjenstandane for heile sitt geografiske nedslagsfelt.
 - a. Korleis er universitetsmusea sitt ansvar for nedslagsfeltet deira omtala i dei museumspolitiske dokumenta og museet sine eigne strategidokument?
 - b. I lys av dei normative føringane og praksisen ved musea, i kva grad kan vi sjå at utlån som verktøy kan bidra til å oppfylle musea sitt samfunnsoppdrag for heile sitt geografiske nedslagsfelt?
3. Gjennomføring av ansvarleg lånepraksis mellom musea krev kunnskap om systemet, dialog mellom partane, samt økonomiske og faglege ressursar frå både innlåns- og utlånssida.
 - a. Korleis gjennomførast ein låneprosess mellom norske museum?
 - b. Korleis blir lånesystemet gjort kjent for dei aktuelle instansane i museums-Norge?
 - c. Korleis fordelast dei økonomiske og faglege kostnadane i ein låneprosess, og i kva grad kan vi sjå at denne fordelinga er til hinder for lånepraksis mellom norske museum?

Om oppgåva

Som det kjem fram av forskingsspørsmåla vil eg begrense undersøkinga til å omhandle låneprosess mellom universitetsmuseum og regionsmuseum, nærmere bestemt Kulturhistorisk museum (KHM) i Oslo, Maihaugen og Fjellmuseet i Lom. Dei to sistnemnde har både vore gjennom låneprosessar med KHM dei siste åra og det er desse låneprosessane som skal undersøkast. Felles for dei to låneprosessane er det at dei har ført gjenstandar geografisk nærmere funnkonteksten til gjenstandane. Kjeldematerialet som skal nyttast for å belyse problemstillinga, er kvalitative intervju med sentrale aktørar i dei utvalde låneprosessane og innhaltsanalyse av sentrale museumspolitiske dokument og institusjonsstrategiske dokument frå dei utvalde musea.

Eg vil etablere eit teoretisk utgangspunkt for undersøkinga ved å utforske omgrepa gjenstand, museum, samfunnsoppdrag og tilgjengeleggjering. Korleis desse omgrepa er handsama innan ulike fagfelt som omhandlar kulturarv, vil være eit viktig utgangspunkt for å forstå kvifor tilgjengeleggjering no er ein av kjernepraksisane til musea. Lån er berre eitt

verktøy i eit sett av verktøy for tilgjengeleggjering. Eg vil sjå på korleis dei ulike verktøya er omhandla i dei museumspolitiske dokumenta, då dette utgjer ei ramme for plassen lån har som verktøy for tilgjengeleggjering.

Etter dette innleiingskapitlet (1), som gir oversikt over oppgåva som følgjer, startar eg med eit kapittel som presenterer det teoretiske utgangspunktet for undersøkinga (2). Vidare vil eg presentere det metodiske utvalet og prosessen med å hente inn og analysere data som ligg til grunn for å svare på problemstillinga (kapittel 3). Dette kapitlet inkluderer også ein presentasjon av utvalet til undersøkinga, samt ei kort framstilling av dei sentrale dokumenta som utgjer kjeldene og musea og dei prosessane som er aktuelle for dei kvalitative intervjua. Etter dette kjem kapitlet som utgjer sjølve analysen (4) som blir strukturert ved hjelp av forskingsspørsmåla presentert i dette kapittelet. Oppgåva avsluttast med ei oppsummering og konklusjon (5).

2. Tilgjengeleggjering av gjenstandar som verktøy til demokratisk kulturminneforvaltning

Sentrale omgrep i denne oppgåva er gjenstand, museum, samfunnsoppdrag og tilgjengeleggjering. Dette er komplekse omgrep, nytta innan ulike fagfelt og som har endra meiningsinnhald gjennom tid. Det er hensiktsmessig å definere desse omgrepene ved å sjå på forskingshistorikken kring dei: korleis dei er forstått og nytta og kva dei inneber.

Kapittelet skal gi ei ramme for å forstå kvifor tilgjengeleggjering er eit av kjernefokusa for museal praksis: kva mekanismar og forventningar frå samfunnet er det kravet om tilgjengeleggjering svarar til? Dette fører oss til å sjå nærmare på kva eit museum og ein gjenstand er i samanheng med dei kulturhistoriske musea og deira samlingar. Det er fleire verktøy for tilgjengeleggjering og kapitelet skal og greie ut om dei ulike verktøya, korleis desse utfyller kvarandre og korleis dei påverkar kvarandre. Målet med dette er å gi ein forståing av behovet for dei ulike verktøya og behovet for å sjå dei som ein heilskap framfor skild praksis for å oppnå forventinga om tilgjengeleggjering. Kapitlet skal plassere lån som verktøy i samanheng med øvrige verktøy og gi ei ramme for analysen av lån som verktøy ved norske kulturhistoriske museum.

Kulturarv – politisering av historia

Det er hensiktsmessig å først zoome ut og sjå på bakgrunnen for at gjenstandsforvaltning er politisert. Gjenstandar inngår som ein av fleire kategoriar i det store omgrepet *kulturarv*, som er eit samleomgrep for både materielle og immaterielle spor etter menneskeleg kultur som eit samfunn til ein kvar tid definerer som viktig. Kulturarven er politisert gjennom kulturminneforvaltning. Synet på kva som er kulturarv og korleis ein skal handsame kulturarv kan derfor endre seg gjennom tid og være annleis mellom ulike samfunn. Politiseringa er ein erkjenning av at kulturarv er viktig fordi den spelar ei sentral rolle i identitetsskapning og forståing av eige liv på individnivå og gruppenivå.

Definisjon av kulturarv

Kulturarv blir handsama på alle samfunnssnivå og er definert av verdsomspennande, kulturpolitiske organ, så vel som nasjonalpolitiske organ. Frå stortingsmelding 22 (1999-2000) finn vi denne definisjonen:

Med kulturarv meiner ein til vanleg dei delane av fortida, både i form av materielle og immaterielle kulturuttrykk, som eit samfunn til kvar tid vel ut for å ta med seg inn i framtida.³

Denne definisjonen er i tråd med museumsfagleg litteratur kor det stadig er meir medvit om at kulturarv ikkje er udiskutabelt, men at vi *produserer* kulturarv i notid gjennom innsamlings- og vernepraksis.

Kulturarv som byggestein for samfunn

Kulturarv er omhandla i eit breitt spekter av fagfelt: etnologi, arkeologi, kunstfag, konservering, kulturarvsstudiar (på engelsk: *heritage studies*), studiar i kulturminneforvaltning, kulturarvspedagogikk og museumsstudiar. Innad i desse fagfelta er det stor bredde av tilnærmingar til kulturarven, frå smale arkeologiske rekonstruksjonar av leirkar, til kulturarvsstudiar av kulturminner si rolle i krigføring. Dei ulike fagfelta kan alle sjå innover, men felles for dei er at dei ofte også ser utover, på kulturminna si rolle i samfunnet. Kven definerer kva kulturarv er? Kan ein eige kulturarv? Kven er dei riktige forvaltarane av kulturarv? Problematisering av makt-/avmakts-forhold mellom stat og innbyggjarar, fagfolk og lekfolk er sentrale spørsmål knytt til studiar av kulturarv. Ofte er spørsmåla eksemplifisert gjennom forholdet mellom etniske eller kulturelle majoritetar og minoritetar: USA si handsaming av kulturarven til den amerikanske urbefolkninga, Australia si handsaming av aboriginarar sin kulturarv og i norsk kontekst sjølv sagt den norske stat si handsaming av samisk kulturarv. Spørsmålet som ligg til grunn for problemstillinga i denne oppgåva er beslektat med desse eksempla, men i mindre målestokk og mindre betent: forholdet mellom by og distrikt, eksemplifisert gjennom universitetsmuseum og regionsmuseum. Kulturminnelova er tydeleg på kven som har forvalningsrett og forvalningsansvar for dei før-reformatoriske gjenstandane. Men forvalningsrett er ikkje det same som retten til å oppleve og lære med utgangspunkt i kulturarven. Felles for dei nemnde fagfelta er at dei langt på veg stadfester at

³ St.meld. 22, s.16

retten til å bidra til definisjon av kulturarv og retten til å oppleve og lære av kulturarven tilhørar alle i eit samfunn.

Dette avsnittet peiker på rolla mellom kulturarv og samfunn i eit internasjonalt perspektiv, både fagleg og politisk. Det utgjer bakteppe for å forstå prinsippa bak kulturminneforvaltninga i norsk kontekst. Vi skal nå zoome inn att på gjenstandsforvaltninga som er fokus for denne oppgåva.

Museet som forvaltningsorgan

Dei lause kulturminna som her blir omtala som gjenstandar skil seg frå andre kategoriar kulturminner ved at dei kan flyttast frå ein kontekst og inn i eit museum og det er nettopp musea som forvaltar gjenstandar. Når vi snart no skal sjå på *kva* ein gjenstand er, heng dette tett saman med *kva* eit museum er, og det er derfor relevant å først sjå på *kva* eit museum er og *kva* rolle musea speler i gjenstandsforvaltninga.

Definisjon av museum

Ulike museum forvaltar ulike gjenstandsgrupper: kunstmuseum, industrimuseum og kulturhistoriske museum. Museum er altså mange ulike institusjonar og kan definerast vidt, som i definisjonen frå International Council of Museum (ICOM):

Et museum er en permanent institusjon, ikke basert på profitt, som skal tjene samfunnet og dets utvikling og være åpent for publikum; som samler inn, bevarer/konserverer, forsker i, formidler og stiller ut materielle og immaterielle vitnesbyrd om mennesker og deres omgivelser i studie-, utdannings- og underholdningsøyemed.⁴

Dei museumsinstitusjonane som er undersøkt i denne oppgåva er norske kulturhistoriske museum med ulike forvaltningsansvar. Først skal vi sjå på det norske museumslandskapet i dag.

Norsk museumsorganisering og museumsreforma

Det bilete norsk museumsorganisering utgjer i dag, er i stor grad resultat av ein omfattande museumsreform som har vore gjennomført dei siste to tiåra. Museumsreforma sitt politiske utgangspunkt var i forslag til ny struktur for organisering av norske museum i stortingsmelding 22 (1999-2000) Kjelder til kunnskap og oppleveling. Implementeringa av

⁴ Norsk ICOM si nettside: <http://norskicom.no/hva-er-icom/vedtekter/>. Sist lest 24.mai 2020.

reforma har tatt stad med prinsipp om ”ei armlengds avstand”, for å sikre autonomien for musea ovanfor staten.⁵ Starpunktet kjem frå overgangen til 2000-talet, men implementeringa av reforma gjekk over ein tiårs-periode og vart fullført til ulik tid i ulike områder av landet. Det vart lagt vekt på at reforma skulle styrke kompetanse i distriktet, ikkje sentralisere kompetanse og makt ved dei største museumsinstitusjonane som er statseigde.⁶ Det var over 700 museum i Norge då initiativet til reforma kom. Det store talet av institusjonar utgjorde eit fragmentert museumsverk med overlappande kompetanse og miljø, samt store økonomiske og administrative utfordringar for mange museum. Målet med reforma var ikkje å legge ned einingar, dei skulle eksistere i sine lokalmiljø som før, men ein hadde som mål å konsolidere musea i større nettverk så administrasjonane vart færre og dermed kostnadene mindre og ikkje minst at det faglege nivået skulle gå opp som resultat av tettare kommunikasjon mellom fagmiljøa ved større museum og dei mindre musea.

Talet på museum vart i løpet av ei tiårs-periode redusert frå 700 til nærmere 60 museumsinstitusjonane som i dag er del av det nasjonale museumsnettverket og som gjennom dette får driftsstøtte frå kulturdepartementet. Desse musea rapporterer til, og blir følgd opp av, Kulturrådet. Dette er blant anna for å sikre at drifta er i samsvar med dei politiske føringane som blir lagt for musea og at drifta svarar til samfunnsoppdraget musea har.

Regionreforma som trådde i kraft for fullt ved årsskiftet 2019-2020, påverkar også kulturminneforvaltninga og har skapt både begeistring og uro for museumssektoren så vel som andre forvaltningsinstansar for kulturminner. Fleire av oppgåvene som tidligare har lege hos Riksantikvaren skal flyttast over til fylkeskommunane.⁷ Fylkeskommunane ønsker i stor grad større ansvar velkommen, men meiner at det ikkje ligg klar ein plan for å finansiere dei nye oppgåvene.⁸ Forslag om å flytte mesteparten av det økonomiske ansvaret for det nasjonale museumsnettverket frå Kulturrådet til regionane har blitt sett i eit sentrum-periferi-perspektiv og utfordra. Det har og blitt gitt signal om at styresmaktene ønsker ei ytterligare redusering av talet på konsoliderte museum, for å tilpasse seg dei nye fylkesgrensene.

⁵ Fossestøl, Breit og Heen, 2013, s.7

⁶ St.meld.22, side 8.

⁷ Hølleland og Skrede, 2019.s.131

⁸ Observasjon av debatt rundt regionsreform. Samtlege artiklar lest siste gong 24.mai 2020:

<https://kulturplot.no/kulturpolitikk/2019/frykter-for-kulturminnenes-skjebne>

<https://www.an.no/debatt/regionreform/nordland-fylkeskommune/regionreformen-framstar-igjen-absurd-og-meningslos/o/5-4-1113367>

Museum blir ofte omtala som ei gruppe liknande institusjonar, som dei på nokre måtar er. Likevel er det som nemnd stor variasjon i musea sine oppdrag, særskilt tematisk. Denne oppgåva fokuserer på dei kulturhistoriske musea. I Norge er det mange kulturhistoriske museum, mange av dei friluftsmuseum. Kulturhistoriske museum forvaltar eit stort gjenstandsmateriale av bruks- og kunstgjenstandar, ofte erverva gjennom kjøp og gåver frå samfunnet. Reformasjonsåret 1537 utgjer eit viktig skilje i norsk gjenstandsforvaltning, då gjenstandar frå etter 1537 ikkje er automatisk freda, medan gjenstandar frå før 1537 er automatisk freda. Etter-reformatoriske gjenstandar kan bli vurdert som verneverdige, eller samlingsverdige gjennom å bli akseptert inn i eit museum si samling. Alle før-reformatoriske gjenstandar i Norge, altså frå før 1537, er derimot automatisk freda og skal forvaltas av dei fem landsdelsmusea som også kallas universitetsmuseum på grunn av si tilknyting til universiteta i høvesvis Tromsø, Trondheim, Bergen, Oslo og Stavanger.

Norge er altså delt i fem regioner kor gjenstandar funne i dei ulike regionane skal forvaltast ved det universitetsmuseet som har forvaltningsrett i gitte region. Musea utfører alle arkeologiske utgravingar i sine nedslagsfelt og har ansvar for dei før-reformatoriske gjenstandane som kjem frå utgravingar og som blir funne av andre også utanom forvaltingssystemet.

Som ein kan sjå frå definisjonen av museum tidligare i dette avsnittet, så er altså museum eit omgrep som brukast om fleire ulike institusjonar. De kulturhistoriske musea som er del av denne oppgåva, er som andre museum pålagt eit *samfunnsoppdrag*. Det er gjennom dette samfunnsoppdraget at tilgjengeleggjering blir ei kjerneoppgåve for musea. Vi skal derfor sjå nærare på omgrepet *samfunnsoppdrag*.

Samfunnsoppdraget til musea

Som ein kan sjå frå definisjonen tidligare i dette kapittelet er museet uløyseleg frå samfunnet for øvrig. Museet har ikkje berre eit samfunnsoppdrag, men samfunnsoppdraget er sjølve grunnlaget for definere kva som er eit museum. Har du ikkje eit samfunnsoppdrag, er du ikkje eit museum.

Forholdet mellom samfunn og musea har endra seg drastisk gjennom tida: frå å være private samlingar og raritetskabinett for dei spesielt interesserte har dei blitt komplekse samfunnsinstitusjonar. Frå museet si tradisjonelle primæroppgåve med å samle og konservere har primæroppgåvene blitt fleire og lyder no *forvaltning, forsking, formidling og fornying*. Desse omgrepa har vore strukurerande for norske museum sidan dei vart presentert i

stortingsmelding 49 (2008-2009) Framtidas Museum – forvaltning, forsking, formidling og fornying.⁹

I sin artikkel ”Museenes samfunnsrolle –et kritisk perspektiv” fra 2017¹⁰ fremjar Ole Marius Hylland eit synspunkt om at musea si *lasteevne* er i ferd med nå grensa si. Nye oppgåver, forventningar og stadig større grad av interaksjon, med stadig større del av samfunnet kan være vanskeleg å innfri med dei ressursane musea har tilgjengeleg i dag. Kjeldematerialet til nemnde artikkel er i stor grad samanfallande med dei politiske dokumenta som skal undersøkast i denne oppgåva, og det er har ikkje blitt gitt vidare føringar sidan den gong. Synspunktet om at norske museum har nådd ei grense for kva oppgåver dei har kapasitet til å gjennomføre, vil være eit interessant moment å ta med seg inn i analysen i denne oppgåva.

Det er her verdt å peike på omgrepet *samfunn* som blir brukt i denne oppgåva for å omtale dei som musea er til for. Ein kunne og brukta omgrepa publikum og gjester, men det er ein tendens i museumsstudiar til å velje bort desse omgrepa til fordel for *samfunn*¹¹. Eg vil nytte det meir opne omgrepet samfunn, som i stor grad og omfattar publikum og gjester, men som også erkjenner at musea er ein samfunnsaktør, både for dei som er engasjert i museet sitt virke og dei som ikkje er det. Musea er til for samfunnet som heilskap.

Som det kjem fram av dette avsnittet er samfunnsoppdraget til musea stort og omfattande. Det er strukurerande for museal praksis, det legitimerer musea og utfordrar musea. Det er gjennom samfunnsoppdraget, det at samfunnet forventar å få noko frå musea, at forventinga om tilgjengeleggjering av musea sine samlingar kjem. Vi som samfunn forventar at gjenstandane som ligg i musea sine samlingar skal være tilgjengelege for oss og at musea skal fortelje oss noko gjennom gjenstandane. Men kvifor bryr vi oss om desse gjenstandane? For å forstå det må vi sjå på kva ein gjenstand er.

Kva er ein gjenstand

Gjenstandar er del av det større omgrepet materielle kultur, som er eit stort samleomgrep som brukast om fysiske spor etter menneskeleg kultur.¹² Materiell kultur kan være spor i landskapet som alle kan sjå, som dyrkingsterrassar og steingjerder. Det kan også være subtile

⁹ Fossestøl, Breit og Heen 2013, s 8

¹⁰ Hylland, 2017

¹¹ Crooke i Macdonald, 2011, s.170

¹² Olsen, 1997:172

nyansar, som berre fagfolk kan identifisere, som dyrkingsspor under matjorda eller rester etter eldstader. Det kan og være ståande bygningar, ruinar eller *gjenstandar*. Gjenstandar skil seg frå anna materiell kultur ved at det er noko ein kan ta ut av konteksten sin og plassere i eit museum, det er ein *ting*.

Definisjon av gjenstand

Medan ordet ting er unnseleg ligg det i ordet *gjenstand* allereie ein erkjenning av at tingen har ein verdi, eller har blitt gitt ein verdi i møte med ein aktør.¹³ Denne verdien er ofte basert på at ein forstår kva tingen *er*: verdien heng ofte saman med forbindelsen gjestnadane kan gi oss til fortida ved at vi forstå kva gjenstanden har vore brukt til eller kva rolle den har spelt i samfunnet eller for individua som tilverka den og brukte den.

I Akademisk norsk ordbok er *gjenstand* gitt to tydingar, som både tilfører noko til forståinga av omgrepet slik det nyttast i denne oppgåva:

1 (mindre, rørlig) ting; enkelting

2 noe (ting, person, sak e.l.) som en handling, følelse e.l. er rettet mot; det noe dreier seg om; emne; objekt¹⁴

Også i det svenske språket trer denne todelte tydinga klårt fram i omgrepet *föremål*. I dette omgrepet ligg nettopp forventninga om at det fysiske objektet er tilverka med ein intensjon, eit formål om vi ser det i samanheng med det norske omgrepet. Tek vi tak i ordet *ting* kjem dette frå *tingstad*, møtet frå norrøn tid kor samfunn kom saman for å diskutere og bli samde eller felle dom. I desse omgrepsforklaringane og etymologien ligg ei grunnleggande tanke om at *gjenstand* er noko som definerast gjennom ulike forståingsrammer og fyllast med ulik verdi frå samfunn til samfunn og individ til individ.

Kva verdi har ein gjenstand?

Verdein av ein gjenstand ligg ikkje berre i den fysiske tingen, men i fortolkinga av den. I Anne Eriksen si bok ”*Museum – en kulturhistorie*” frå 2009 gir Eriksen plass og forståing for ein sentral diskusjon om verdien av ein gjenstand gjennom filosofen Beth Lord si fortolking

¹³ Omgrepet *aktør*, brukt i denne samanheng som ulike menneske som interagerer med ein gjenstand, er inspirert av Grete Lillehammer sin artikkel i Maurstad og Hauan, 2012 s 169-191.

¹⁴ Definisjon henta frå Norsk Akademis ordbok: <https://naob.no/ordbok/gjenstand> Sist lest 5.mai, 2020

av Foucault. Her legg Eriksen vekt på at verdien til ein gjenstand ligg *mellom tingene og omgrepet* om tingene¹⁵. Menneske er aldri nøytral i møte med ein gjenstand: vi vurderer eigarskap, tilknyting, verdi og funksjon, enten vi ønsker å ta eigarskap til tingene, gi den til nokon andre, kaste den eller behalde den, bruke den eller spare den. Med andre ord så klassifiserer vi gjenstandane, enten vi innehavar ei rolle i ein forvaltningsprosess eller vi gjer det som privatpersoner.¹⁶ Kva ein gjenstand er, og derfor kva verdi den har, vil derfor kunne endre seg gjennom ein gjenstand sitt livsløp i møte med ulike aktørar.¹⁷ Ein gjenstand har ofte eit langt liv: den blir tenkt, tilverka, brukta, mista, kasta, nedarva, blir gløymt, funne att, verdivurdert, kasta att, kompostert, brent eller attvunne, eller samla inn, den får leve på peishylla, i skuffen eller i museet. I dette livsløpet kan gjenstanden være ei gåve, eit reiskap, livsnaudsynt, til pynt, søppel, materiale, bokstøtte, opptenningsved, klenodium, historisk kjelde, -til besevær, -til nytte, -til glede. Kunnskapen og erfaringane dei ulike aktørane har, utgjer ramma for fortolkinga av gjenstanden. Derfor kan det oppstå motstridande syn på verdien av ein gjenstand mellom ulike aktørar, blant anna mellom lekfolk og fagfolk. Fordi gjenstandar fortolkast og kan bli viktige identitetsmarkørar vil det også oppstå ulik oppfatning av rettmessig eigarskap til gjenstanden.

Kan vi eige ein historisk gjenstand?

I følge norsk lov så kan ikkje eit enkeltindivid eige ein gjenstand som er frå før 1537, det er staten sin eide dom og skal forvaltas av staten *på vegne* av samfunnet. Dette hindrar ikkje menneske i å *kjenne eigarskap* til ein gjenstand. Automatisk freda gjenstandar kan ha vore i privat eige gjennom generasjonar og vore nedarva som ein familieklenodium. Automatisk freda gjenstandar blir funne på gardar og stader som folk kjenner tilknyting til og dei vil derfor, naturleg nok, overføre denne tilknytinga til gjenstanden og historia den fortel. Det er heller ikkje alltid at det er tilfeldigheiter som fører til at andre enn arkeologar finn før-reformatoriske gjenstandar. Det er eit stadig veksande metallsøkarsamfunnet i Norge og framveksten av dei som kallar seg ”hobbyarkeologar”. Aktiviteten er lovregulert for å sørge for at ein ikkje finn gjenstandar i kontekst¹⁸. Utbreidd metallsøkning er med å påverke kjensla av eigarskap til den materiell kulturarven, på godt og vondt: interessa for kulturhistorie aukar

¹⁵ Eriksen, 2009, s 129.

¹⁶ Rogan, 2010, s 262

¹⁷ Lillehammer i Hauan og Murstad, 2012, s.170

Rogan, 2010, s. 261

¹⁸ Det er regulert at ein berre kan søke i dyrka mark, i avstand til kjente kulturminner og kor djupt ein kan grave frå overflata.

i miljø kor det før var lite interesse, men aksepten for ei sentral kulturminneforvaltning blir og utfordra ved at fleire lokalsamfunn ønsker eige forvaltningsrett over det dei har funne: dei fant det, dei fortener å behalde det.¹⁹

For å svare på spørsmålet om ein kan eige ein gjenstand, må ein dessutan dele spørsmålet i to. Som beskrevi i førre avsnitt, så har ein gjenstand ein dobbel verdi: den er eit fysisk objekt, som kan ha ein verdi i sin fysiske form fordi den er vakkert utført, laga av verdifult råstoff, er sjeldan eller liknande. Gjenstanden har og ein verdi som kunnskapskjelde fordi vi kan lære noko av den, lese ein del av fortida frå den. Slik sett har ein ofte delt mellom eigarskap til ein fysisk gjenstand og eigarskap til kunnskapen knytt til gjenstanden. Musea sjølve har ofte brukt fokus på verdien av kunnskapen som kjem av samanhengen gjenstanden inngår i, som ein måte å distansere seg frå dei gamle museale ideale om ”skattekammer”.²⁰ Det er ei legitimering av eige praksis: ein samlar ikkje for samlingas skuld, men fordi samlinga kan gi oss verdfull kunnskap om verda vi lev i. Som vi skal sjå vidare i denne oppgåva heng dette i lag med diskusjonen om tilgjengeleggjering, då ein kan spørje seg kva musea har ansvar for å tilgjengeleggjere. Betyr den fysiske gjenstanden like mykje som kunnskapen eller held det å tilgjengeleggjere kunnskapen knytt til gjenstanden, for eksempel gjennom digitalisering? Dette stadig meir aktuelle spørsmålet vil bli adressert nærare seinare i oppgåva.

Ein opplev altså ofte at fleire aktørar kjenner eigarskap til dei same gjenstandane og at desse kjenslene kan være samstemte eller motstridande. Dette er særstakt i dei nemnde problemstillingane kring eigarskap til ein minoritet sin kulturarv, som er omtala tidligare i dette kapitlet. Sjølv om museet skal forvalte gjenstandar på vegne av samfunnet, vil det at ein flyttar ein gjenstand frå funnstad til museum innebere eit ”eigarskifte” kor gjenstandane ved å bli tatt inn i ei museumssamling blir ”eigedomen” til eit fagmiljø²¹. Musea kjenner ikkje berre eigarskap i kraft av kompetansen dei innehavar og tradisjonen som samlarar og forvaltarar; deira ”eigarskap” er også institusjonalisert og lovregulert gjennom kulturminnelova. Dette styrkast blant anna av deira eksklusive rett til å utføre dei arkeologiske utgravingane.

¹⁹ Det er verd å nemne at dei fleste metallsøkarar i dag følger regelverket og har god kommunikasjon inn mot kulturminneforvaltninga. Ved mange fylkeskommunale forvaltingsetatar har dei etablert gode og fruktbare samarbeid med metallsøkarar og også utgravingsmyndigheter samarbeider med seriøse aktørar blant metallsøkarar. Det praktiske arbeidet fungerer i stor grad, slik situasjon no er, men det er stadig ein diskusjon innan fagmiljø knytt til kulturminneforvaltning.

²⁰ Kronikk i Klassekampen ved Håkon Glørstad, direktør KHM. Lest 26.mars 2020.

<https://www.klassekampen.no/article/20180208/PLUSS/180209901&loggedin=1>

²¹ Rogan, 2010, s. 261

I praksis er arkeologi ofte første ledd av kulturminneforvaltning og dette gjer at arkeologien speler ei stor rolle i demokratiseringa av kulturarven. Utviklinga av kritisk tenking kring kulturarv skjedde i stor grad parallelt innan kulturarvsstudier og arkeologi , samt andre fagfelt, frå 60- talet og fleire tiår framover.²²

Ein ser og at det kan være enklare å akseptere at nokre gjenstandskategoriar blir tatt frå en finnar og inn i ei samling, enn andre. Gjenstandar som har hatt ein særskilt verdi i fleire generasjonar, som monument på peishylla, kan for eksempel være vanskeleg gå akseptere å gi frå seg eigarskap til. Det same kan gjelde for gjenstandar som i tillegg til ein kulturhistorisk verdi, har ein annan verdi, som for eksempel gull og sølv.²³ Graden av forståing for verdien av noko har også mykje å seie for kor vidt nokon ønsker å gi frå seg eigarskap til noko dei sjølv har funne, ein høyrer ofte at det blir sådd tvil om viktigheita av å samle inn ”endå ein pilspiss”. Dette viser lite forståing for nettopp det synet om at ein gjenstand i seg sjølv ikkje har like stor verdi som samanhengen den inngår i, konteksten den er funne i og kunnskapen dette kan gi oss om gjenstanden går inn i ei museumssamling.

Sjølv om det i stor grad er akseptert at før-reformatoriske gjenstandar skal forvaltast av staten gjennom kulturminneglede instansar, blir dette synet ofte utfordra i møte med publikum som ofte ikkje deler tanken om kor sjølvfølgeleg det er at gjenstandar ikkje tilhøyrar dei som finn dei eller etterkommarar av det samfunnet som har tilverka og brukt gjenstanden. Særskilt innan kulturarvsstudiar har det vore diskutert om det eksisterer ein autoritær kulturarvskurs, kor eit samla fagmiljø har tatt ein definisjonsmakt dei ikkje har rett til å ta.²⁴ Dette er mykje av bakgrunnen for det nemnde fokuset innan museumsstudiar på å forholde seg til ulike aktørar utanfor institusjonen og svare til samfunnet sine forventningar til kva som utgjer ein demokratisk og god gjenstandsforvaltning.

Dette betyr at definisjonen av kva ein arkeologisk gjenstand er, er knytt til nettopp innsamlingspraksis, verdivekting, katalogisering og utstillingsverksemda ved eit museum. I den tid musea har utvikla seg gjennom tid har også svaret på kva ein museumsgjenstand er, endra seg. Museer tek ulik form og har ulikt formål og slik vil og ulike type gjenstandar samlast og tileignas verdi.

Før-reformatoriske kulturhistoriske gjenstandar kjem til museum i hovudsak på to måtar: dei blir levert inn av folk som har funne dei ved arbeid, ved tilfelle, gjennom

²² Harrison, 2013, s. 67

²³ Det er gjennom Kulturminnelova i § 13.Vern, finnerlønn m.v. lovfesta at funn av sølv og gull skal kompenserast til både grunneigar og finnar

²⁴ Laurajane Smith lanserte omgrepet Authorzed heritage discourse (AHD) i si bok ”*Usage of Heritage*” 2006. Denne blir sett som startpunkt for ein omfattande diskusjon i eit internasjonalt fagmiljø knytt til problematikken.

metallsøking eller som har fått nedarva ein gjenstand som er funne på denne måten, frå ein annan generasjon. Den andre måten er gjennom arkeologisk praksis som i Norge er organisert gjennom nettopp dei fem landsdelsmusea. Arkeologar er ofte kulturminneforvaltninga sitt ansikt ut ad, det er dei som møter folk. Ved museum er ikkje alltid dei tilsette tilgjengeleg for dei som besøker, saksbehandlarar jobbar på kontor og har i hovudsak kontant med tiltakshavarar: med unntak av feltarkeologar møter samfunnet sjeldan kulturminnevernet i form av faktiske menneske. Dialog mellom feltarkeologar og folk kan ofte føre til at gjenstandar blir innlevert: ved funn i nokon sitt nærmiljø kan syne fram funn og innleie samtale. Dette kan føre til at folk kjem med sine eigne gjenstandar som dei tidligare ikkje har ønska eller tatt seg tida til å levere til forvaltninga.

Samtale i felt skapar engasjement, interesse og tillit mellom forvaltning og samfunn. I tillegg til å bety noko for innsamling av gjenstandar, kan samtalene kan og føre til at musea, gjennom arkeologane får innsikt i korleis samfunnet ser dei som forvalningsinstitusjon.

Fordi synet på ein gjenstand er ulike i møte med ulike aktørar, er det og knytt ulike forventingar til handsaminga av gjenstandane. Menneske knyter narrativ om seg sjølv og verda rundt seg gjennom gjenstandar, enten gjenstanden er i eller utanfor ein museal kontekst. Når gjenstandane blir museumsgjenstand, er museet ein avgjerande aktør i å bidra til å skape desse narrativa og det er ein erkjenning av denne rolla som gjer at musea dei siste tre tiåra i aukande grad har blitt politisert i form av krav til demokratisering av institusjonane.

Sjølv om det lenge har vore akseptert blant etnologar, museologar og arkeologar at dei ikkje eig, men forvaltar gjenstandane dei jobbar med, kan situasjonen være annleis når det kjem til kunnskapen som er knytt til gjenstandane. I norsk kulturminneforvaltning, er det akseptert at verdien av ein gjenstand ikkje ligg berre i sjølve gjenstanden, men samanhengen den inngår i og det den kan gi oss av kunnskap. Fagfelta har tradisjonelt sett kunnskapen som sin eigendom, fordi dei ser seg sjølve best skikka til å ta vare på og fortolke gjenstandane.²⁵ Også her kan vi sjå til Eriksen si gjengiving av filosof Lord sine tankar: hos beskriv musea som rommet mellom ord og ting, altså museet si rolle *er* å fortolke og forstå gjenstandane, det er dette som former eit museum.²⁶ Haldninga om at fortolking av den materielle kulturarven blir best ivaretatt ved musea har i fleire tilfelle ført misforhold mellom samfunn og kulturminneforvaltning. Musea, og andre forvaltningsorgan, har derfor dei siste tiåra hatt fokus på dialog med aktørar utanfor forvaltninga. Musea har hatt eit fokus på forholde seg til

²⁵ Skeates, 2000, s 20

²⁶ Eriksen, 2009, 119

aktørane som står på utsida av institusjonen og kjenner eigarskap til gjenstandane, og at desse aktørane bør inkluderast i forvaltninga av gjenstanden²⁷.

Behovet for involvering av aktørar utanfor forvaltninga blir særskilt tydeleg når ein nasjonal institusjon, som eit norsk universitetsmuseum utgjer, skal forvalte kulturarven knytt til ein minoritet. I norsk samanheng har den norske stat sin forvaltning av samisk kulturarv vore betent. Gjenstandar er *identitetsmarkørar* og kunnskapskjelder og tilgang til gjenstandane både for oppleveling og læring er svært viktig.

Kulturarv er politisert gjennom kulturminneforvaltninga, og museet er eit ledd i dette. Når dei politiske rammene i samfunnet forøvrig endrar seg, vil dette også påverke utviklinga av museet og på den måten og kva som blir forstått som ein *gjenstand*, ein ting med verdi. Med andre ord så vil folk sitt forhold til gjenstandar henge tett i hop med museet si utvikling og rolle i samfunnet: denne rolla omtalast ofte som museet sitt samfunnsoppdrag.

Tilgjengeleggjering

Dette kapitlet har til no gjort greie for kva ein gjenstand er, kvifor samfunnet er opptatt av forvaltninga av historiske gjenstandar og kvifor det ligg museumspolitiske og museumsfaglege forventingar om at gjenstandane skal være tilgjengeleg for samfunnet. I denne delen av kapitlet skal vi sjå på nettopp omgrepene *tilgjengeleggjering*. I kommande kapittel blir omgrepene tilgjengeleggjering analysert, slik det er nytta i dei utvalde dokumenta. Det er ryddig å sjå på dei mest brukte verktøya også i eit teoretisk perspektiv, og det skal vi gjere i dette kapitlet.

Musea har ulike måtar å tilgjengeleggjere gjenstandar på:

- Utstilling i museet: midlertidige utstillingar, basisutstillingar, skulebesøk, turisme, omvising
- Vandreutstillingar
- Digitalisering
- Ope publikumsmagasin
- ”Ferskvareformidling”
- Utlån/innlån

²⁷ Black, 2012, s.144

Utstilling i museet: midlertidige utstillingar, basisutstillingar, skulebesøk, turisme, omvising

Utstilling i museet har tradisjonelt, og ikkje overraskande, vore hovudverktøy for eit museum til å tilgjengeleggjere samlingane sine til samfunnet. Kulturhistoriske museum har vore kritisert dei seinare åra, for å ha hatt lite fleksible, statiske utstillingar med same preg over fleire tiår. Det har derfor vore stort fokus dei siste par tiåra, både museumspolitisk og museumsfagleg, på å fornye dei kulturhistoriske samlingane. Som ei utvikling i å imøtekomme demokratiske prinsipp ved musea, som vi kjem attende til vidare i denen oppgåva, er sentrale spørsmåla innan museologien *kva, koreleis og kvifor* sentrale for faget.²⁸

I samanheng med utstillingar deler ein ofte inn i to kategoriar som skal seie noko om varigheita til utstillinga, permanent og midlertidig utstilling. Ein permanent utstilling skal ikkje, sjølv om namnet indikerer det, vare permanent. I tråd med gjeldande syn på dette i fagmiljøa opererer ein gjerne med ein tidshorisont på 10-15 år for ei ”permanent” utstilling. Midlertidige utstillingar er ofte knytt opp til særskilte narrativ, ofte i anledning eit jubileum eller markering, eller knytt til eit spesifikt gjenstandsmaterialet museet har ein særskilt motivasjon for å syne fram.

Dei besøkande til ei museumsutstilling kan grupperast og inndelast i ei stor variasjon grupper etter ei mengd kriterier. Ein relevant måte å dele besøkande i to grupper er tilreisande og lokalt publikum. For mange museum, også dei i utvalet til denne oppgåva, er tilreisande besøkande i sesong ein stor del av det samla besøkstalet. Musea har og ein jamnare besøksgruppe lokalt, ofte knytt til skuleopplegg og anna fagleg aktivitet som foredrag og temasamlingar.

Vandreutstillingar

Ei vandreutstilling er ei utstilling som eit museum produserer med tanke på å kunne stille ut ved andre museum eller liknande institusjonar, så vel som ved eige museum. Ei vandreutstilling kan typisk først stillast ut ved museet som har laga den, for så å reise på ”turné” i både inn og utland.

²⁸ Maurstad og Hauan i *Maurstad og Hauan*, 2012, s.21

Digitalisering

Digitalisering har vore eit viktig omgrep i gjenstandsforvaltninga og museumssektoren sidan den såkalla ABM-meldinga (arkiv, bibliotek og museum) kom på i overgangen til 2000-talet. Digitalisering er ofte omtalt som eitt verktøy, medan det i realiteten er ein samlekategori for fleire tilnærmingar til tilgjengeleggjering. Digitalisering omtalar ulik form for tilgjengeleggjering, på same måte som *fysisk tilgjengeleggjering* tyder ulike ting.

Ein kan tilgjengeleggjere ein autentisk gjenstand og at ein kan tilgjengeleggjere kunnskapen kring gjenstanden. Digitalisering kan berre svare til sistnemnde, men også dette kan gjerast ulikt. Ein kan på ei side tilgjengeleggjere kunnskapen om kva gjenstandar som finns i ei samling, nærmare digitalisering av ein katalog. Eller ein kan ein kan tilgjengeleggjere gjenstanden i ein kontekst kor det er utarbeida eit formidlingsopplegg kring den digitaliserte gjenstanden.

Tidligare i dette kapitlet vart det nemnd at det er ei todeling med tanke på kva ein tilgjengeleggjer: den fysiske gjenstanden og kunnskapen knytt den fysiske gjenstanden. Det er ikkje så enkelt som at det eine formålet enklast oppnåast gjennom digital formidling og det andre formål gjennom tilgjengeleggjering av autentiske gjenstandar. Eit eksempel kan være: ein tradisjonell utstillingsform, som museumsfagleg er sett som utdatert, er ein gjenstand i eit glasmonter med ein lapp med informasjon festa ved: "Spannforma leirkar, Sogn, 525 e.Kr." Publikum vil i møte med slik formidling få sjå ein autentisk gjenstand som er 1500 år gammal og få servert eit omgrep brukt i fagmiljø for å kategorisere og plassere ein gjenstand stilmessig, tidsmessig og funksjonsmessig. I dette scenarioet får tilskodaren oppleve og sanse ein svært gammal gjenstand. Men forstår ho kva ho ser? Kanskje, om ho har forkunnskap, særskilt interesse i forhistoria eller evne til fantasi. Museet har likevel eit ansvar for formidling til grupper som ikkje inngår i den kategorien tilskodar. Tilsvarande, mangelfull formidling skjer også ofte digitalt: eit foto, kanskje fleire frå ulike vinklar, med same tekst knytt til seg. I ein digital situasjon vil tilskodaren i tillegg miste den viktigaste verdien frå førre scenarioet: å ha *sett* ein gammal autentisk gjenstand, bevegd seg rundt den, sett den frå fleire vinklar, kanskje oppdage detaljar og avvik. Både digital og analog formidling kan gjerast slik, som ein representasjon av ei fortolka sanning, utan relevans for den som opplever den. På same måte kan både formene brukast godt: ein autentisk gjenstand kan visast på mange andre måtar enn i eit glasmonter med ei setning knytt til seg. Monteren kan stå i eit rom med rike illustrasjonar av tilverking, med bilete av menneske som tilverkar eller brukar krukka.

Gjenstanden kan samstilla med ekvivalenten frå vår tid, ein Tupperware-mugge med lokk. Videoar kan vise tilverkinga illustrert av handverkarar og det kan stå ein replika der, som du kan halde, røre, fylle med vatn, lukte på. Langt på veg kan ein slik kontekst å vise fram ein gjenstand i, attskapast digitalt. Du kan vise digitalt korleis krukka såg ut ved atfinning og korleis den er rekonstruert. Du kan vise foto av andre liknande krukker, samt alt nemnd over.

Det er etablert at fagmiljøa meiner at ein ikkje fullt ut kan digitalisere tredimensjonale gjenstandar. Både digital og analog formidling kan gjerast bra og kan gjerast dårlig. Det ein likevel veit er at ein viktig dimensjon, den fysiske ikkje kan attskapast digitalt. Du kan ikkje sjå, oppleve, ta på (replika) eller sanse digitalt, på same måte som i møte med ein autentisk gjenstand. Den fysiske gjenstanden vil alltid være kjelda, og den digitale attgivinga vil være ei tolking.

Å digitalisere ei gjenstandssamling utgjer ein ekstra utfordring samanlikna med digitalisering av samlingar i andre sektorar som arkiv og bilbiotek som ofte er omtala i den same politiske dokumenta som museum. Ei gjenstandssamling er per definisjon tredimensjonal og både til formidlings og forskingsaugemed er den fysiske faktoren svært sentral. Ein gjenstand er kompleks og innehavar både representative kvaliteter og fysiske eigenskapar.²⁹ Ein viktig diskusjon i møte mellom museumsfaglege og museumspolitiske krefter dei siste åra har vore utfordringar ved digitalisering kor det kjem fram at ein må erkjenne at dei fysiske eigenskapane kan ikkje digitaliserast.³⁰

Ope publikumsmagasin

Ope publikumsmagasin har vore tema i faglitteraturen innan museumsstudiar og forvaltning over lang tid, men det har tilsynelatande ikkje blitt vanleg praksis i Norge.³¹ Som omgrepet tilseier, handlar det om å gjere magasin opne for publikum: at gjenstandar og samlingar blir synt fram utan vidare formidling. Ein kan tenke kring dette, som vi var inne på med digitalisering, at ein tilgjengeleggjer kunnskapen om kva som finnast i magasinet, men ikkje naudsyneleg kva dette betyr, kva vi kan lære av det. Ved å bruke dette som verktøy for tilgjengeleggjering, tolkar ein omgrepet til å bety at ein skal gjere det synleg kva som finnast,

²⁹Stien og Sørgård i *Maurstad og Hauan*, 2012, s 205

³⁰Kronikk i Museumsnytt <https://museumsnytt.no/hvorfor-fysiske-data-aldri-kan-digitaliseres-fullstendig/>. Sist lest 24.mai 2020

men ikkje naudsyneleg korleis gjenstandane inngår i historieskrivinga og kunnskapen om samfunnet.

Ferskvareformidling

Dei seinare åra har det oppstått ulike formar for formidling av arkeologiske gjenstandar som ein kan seie utgjer ein ”snarveg” utanom gjenstandsforvaltninga. Stadig fleire av dei større arkeologiske utgravingsprosjekta, særskilt knytt til større vegutbyggingar, har eige formidlingsbudsjett og driv formidling i felt. Dette kan gjerast ved på ulike måtar:

- opne opp for at folk kan komme innom i løpet av ein arbeidsdag
- inviterer til ein ope dag, ofte med pedagogisk tilsnitt
- ta imot skuleklasser frå området kor utgravinga er
- etablere ein såkalla ”ferskvaredisk” i nærmiljøet til utgravinga

Sistnemnde krev ei forklaring. I ein ferskvaredisk kan arkeologane vise fram gjenstandar dei finn fortløpande, før dei blir sendt til magasina ved museet. Fjellmuseet i Lom, som er del av denne oppgåva har vore føregangsmuseum med tanke på denne type formidling. Når brearkeologien i Oppland fylke tok til rundt 2010, fekk museet i Lom syne fram svært spanande gjenstandar før desse vart tatt til konservering ved KHM. Norsk fjellmuseum var eit av dei første musea til å gjere ferskvaredisk til eit fast innslag i sommarsesongen.

Hovudsesong for brearkeologien samanfell med hovudsesong for tilreisande til fjellmuseet og ferskvaredisken fekk i så måte mange besökande. Eit anna eksempel er eit prosjekt eg sjølv deltok i som arkeolog ved KHM, Vinstravassdraget, kor vi monterte eit låsbart glasmonter på ein lokal kafé i tettstaden Skåbu. Her kunne vi syne fram littisk materiale etterkvart som det vart funne i felt. Lokal skuleungdom som gjorde funn under ope dag, kunne ta med vener og familie til kafeen for å syne fram kva dei hadde funne då dei var arkeologar for ein dag.

Utlån/innlån

Lån som praksis for å tilgjengeleggjere gjenstandar utanfor museets bygningars, er nemnd, men sjeldan vidare omtala i faglitteraturen. Eit anna, beslektat tema som derimot er mykje omtala er repatriering, attendeføring av gjenstandar, som har vore eit viktig tema for gjenstandsforvalting i fleire tiår. Dette handlar om å føre gjenstandar attende til funnkontekst, men då på permanent basis: ein overfører eigarskap og forvaltningsansvar og rett til eit anna museum. Dette heng i hop med eigarskap til kulturarv, som omtala tidligare i kapitelet og er i

norsk samanheng svært aktuelt med tanke på attendeføringa av samisk kulturarv til samiske museum.

Det er ikkje ein veldig lag veg frå tankegangen bak denne praksisen, til tankegangen om at lån av gjenstandar til regionsmuseum kan bidra til at gjenstandar kan visast fram nærmare funnkonteksten sin. Tema har vore diskutert i kontekst av andre lands kulturminneforvaltning, blant anna den britiske. Ein kan ikkje gjere direkte samanlikningar mellom norsk og britisk kontekst, fordi forvaltingssistema er så ulikt oppbygd. Det er museumsstrukturen i Norge, med forvaltningsansvaret til universitetsmusea, som skil seg frå det langt meir privatiserte forvaltingssystemet i Storbritannia. Koplinga mellom repatriering og utlån er ikkje eksplisitt gjort i norsk kontekst og å sjå utlån som verktøy til å tilgjengeleggjere gjenstandar nærmare sin funnkontekst, blir derfor eit sentralt moment i analysen i denne oppgåva.

Oppsummering av kapitlet

Som ein kan sjå av dette kapitlet heng gjenstand og museum tett i lag. Gjenstandar blir ofte definert innafør rammene av eit museum. Samstundes blir forvaltninga av gjenstandane påverka av forventing frå samfunnet. Gjenstandsforvaltninga er politisert, som resten av kulturarvsforvaltinga, fordi det erkjennast både politisk og kulturminnefagleg at gjenstandar spelar ei rolle i å forme identitet på eit individs- og gruppenivå. Fordi gjenstandar utgjer eit så sentralt kjeldemateriale for forma av historie og identitet er det satt forventing for tilgjengeleggjering av gjenstandane for samfunnet. Gjenstandar skal tilgjengeleggjast for læring og oppleveling. Det er eit sett med verktøy som skal svare til forventinga om tilgjengeleggjering. Dei fleste av vertkøyra kan ein nytte til å tilgjengeleggjere gjenstandar for dei som finn vegen til dei fysiske museumsbygningane. Det fins og verktøy som tilgjengeleggjer gjenstandar, og kunnskapen knytt til gjenstandar til samfunnet også utanfor det fysiske museet. Dei seinare åra har digitalisering vore svært sentralt både museumspolitisk og museumsfagleg. Då det er stadfesta at digitalisering ikkje kan erstatte tilgjengeleggjering av autentiske gjenstandar er det viktig å sjå på dei vertkøyta som bidreg til tilgjengeleggjering av autentiske gjenstandar i eit i større geografiske nedslagsfelt.

Lånepraksis, som er tema for denne oppgåva er nærmast fråverande i faglitteraturen. Dette inngår i eit større bilet kor den geografiske dimensjonen av tilgjengeleggjering er fråverande i faglitteraturen, med unntak av fokus på digitalisering og repatriering. Lån som verktøy er nemnd i både museumspolitiske og institusjonsstrategiske dokument, men ser ut til

å være gitt liten plass. Denne oppgåva skal belyse forholdet mellom dei normative føringane i desse dokumenta og eksempel på lånepraksis mellom norske museum.

3. Metode

Val av metodisk tilnærming

Problemstillinga til denne oppgåva utgjer i stor grad ein samanlikning av normative føringar og praksis. Den metodiske tilnærminga er derfor å først undersøke dei normative dokumenta som er sentrale for musea og undersøke praksis gjennom to eksempel på låneprosessar. Det er gjort innhaltsanalyse av museumspolitiske dokument og institusjonsstrategiske dokument ved dei aktuelle musea, samt utført kvalitative intervju med sentrale aktørar i to låneprosessar. Undersøkingane har i hovudsak tatt stad våren 2020, med noko førebuingar og testing av metode hausten 2019.

Gjennom bruk av kvalitative intervju skapar ein sine eige kjelder, ein produserer data i lag med intervjuobjektet³². Marit Anne Hauan seier i sin artikkel frå 2006 at ”intervju handlar om å samtale fram nytt og unikt materiale som kan gi ny innsikt og ny kunnskap”.³³ Problemstillinga i denne oppgåva har som mål å samanstille føringar og praksis, og derfor undersøke prosessen mellom føringane og praksisen. Ei kvalitativ tilnærming, med intervju av dei som sitt med ansvaret for å fortolke føringane og forme praksisen er derfor ein relevant tilnærming.

Utval – museumspolitiske dokument

Dei museumspolitiske dokumenta som nyttast til denne undersøkinga er dokument som har stått sentralt i kulturminnefeltet dei siste tre tiår. Tilgang til dokumenta har eg fått gjennom nettsida til Stortinget³⁴, kor eg har lasta ned dokumenta som pdf-filar. Nokre dokument har eg ikkje hatt kjennskap til frå før og komme til gjennom at det er referert til dei i andre sentrale dokument. Eg har vald å fokusere på dokument frå og med overgangen 1999-2000, fordi denne perioden utgjer opptakta til museumsreforma som i stor grad har forma musea i Norge slik dei er i dag.

Nokre av dei museumspolitiske dokumenta som er nytta til oppgåva er retta særskilt mot museum, medan andre er retta mot eit breiare felt. I tillegg til museum, er arkiv og bibliotek institusjonar som er gjenstand for same forventing om tilgjengelegging og fleire

³² Thagaard, 2013, s.32-33

³³Hauan, 2006, s. 9

³⁴Lasta ned frå www.stortinget.no i perioden november 2019 – mai 2020. Sist lansta ned 20.-23.mai 2020

av dei sentrale politiske dokumenta rettar seg mot desse tre formane for institusjonar på same tid. Dette har i stor grad bakgrunn i ABM-satsinga, arkiv, biblioteket og museum, på byrjinga av 2000-talet. Allereie i overgangen 1999-2000 kom st.meld.nr.22 (1999-2000) ”Kjelder til kunnskap og oppleving – om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet” som retta seg mot dei tre sektorane som ein heilskap. Denne blir ofte omtala som ABM-meldinga og la opp til ei oppfølgingsperiode på 5 år. I 2003-2004 kom st.meld. 48 (2003-2004) ”Kulturpolitikk fram mot 2014”. Denne meldinga rettar seg mot eit breiare kulturfelt, men for arkiv, bibliotek og museum refererer den til ABM-meldinga som gjeldande referanseverk og sett som mål å legge føringar for oppfølging av tiltak skissert i ABM-meldinga.³⁵

Ei omorganisering i 2010, kor Norsk kulturråd tok over mange av oppgåvene frå ABM-utvikling, saman med andre organisasjonar, markerte slutten for ABM-feltet som samla organ, sjølv om det framleis er glidande overgangar og bredt samarbeid mellom arkiv, bibliotek og museum. Det siste sentrale dokumentet som retta seg direkte til ABM-sektoren var St.meld. nr. 24 (2008-2009) ”Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv”.

Andre museumspolitiske dokument rettar seg mot ein samla museumssektor, som inneber eit mangfold av institusjonar både organisatorisk og tematisk. Det er offentlege museum og private museum for både kunst, industri, naturhistorie og kulturhistorie. Ein av dei meir sentrale dokumenta som retter seg mot eit samla museumsverk er st.meld. nr. 49 (2008-2009) ”Framtidas museum — Forvaltning, forskning, formidling, fornying”.

Eit sentralt dokument som derimot rettar seg særskilt mot dei fem universitetsmusea i Norge, det mest sentrale er st.meld. nr. 15 (2007-2008) Tingenes tale— Universitetsmuseene.

Medan det foreløpig ferskaste dokumentet som omhandlar blant anna museumssektoren, er st.meld. nr. 8 (2018–2019) Kulturens kraft — Kulturpolitikk for framtida, som rettar seg mot eit samla kulturfelt og viser korleis museum og kulturarv inngår i ein heilskap av kulturlivet i samfunnet.

Eg har nemnd overgangen til 2000-talet som eit skilje for organiseringa og føringane på norske museum. Det er likevel inkludert særskilt eit dokument som er frå midten av 90-talet, dette fordi NOU 1996:7 Museum: mangfold, minne, møtestad utgjer eit sentralt

³⁵ St.meld.48, s. 165

dokument for den utviklinga som tok stad frå 2000 og framover. Dokumentet blir ofte nemnd som referansedokument i seinare, sentrale dokument.

Den andre kategorien dokument, notat og handbøker frå Kulturrådet, er også museumspolitiske og ofte presiseringar og understrekningar av stortingsmeldingane. Utvalet av desse er gjort på bakgrunn av at dei er omtala i relevant litteratur, særskilt artiklar innafor museumsstudiar. ”Museer i mellom - lån, håndtering og transport av gjenstander” (NMU 8:2000) er ei vugleining om utlån og transport av museumsgjenstander og blir satt i samanheng med ”Ta vare på gjenstandene!” (NMU 8:1998) og ”Utlån og avhending av materiale fra museenes samlinger” (NMU 5:2000) for å ”gi eit godt grunnlag for å kombinere aktiv formidling og utlånsvirksomhet med god bevaring.”³⁶

Utval - Musea

Til undersøkinga av låneprosessar vart det gjort ei geografisk avgrensing for å kunne undersøke problemstillinga innanfor dei tidsmessige rammene ei masteroppgåve utgjer. Eg har vald å undersøke to låneprosessar kor Kulturhistorisk museum i Oslo (KHM) er utlånsinstitusjon og innlånsinstitusjon er to regionsmuseum i KHM sitt nedslagsfelt: Fjellmuseet i Lom og Maihaugen på Lillehammer.

Alle museum kan i teorien være både utlåns og innlånsinstitusjon, og to av dei tre musea i denne undersøkinga har vore på både sider av ein låneprosess. I denne samanheng er KHM utlånsinstitusjon medan regionsmusea Fjellmuseet i Lom og Maihaugen er innlånsinstitusjon. Dei to regionsmusea har både likskapar og ulikskapar, og er valde for å gi eit godt samanlikningsgrunnlag, samstundes som dei kan belyse ulike aspekt ved ein låneprosess. Dei tre institusjonane vil i dette avsnittet bli presentert og det vil bli peikt på argument for kvifor dei er relevante å bruke i datainnsamlinga og peikt på dei nemnde samanlikningsgrunnlaget og ulikskapane.

Kulturhistorisk museum i Oslo

Kulturhistorisk museum i Oslo er del av Universitetet i Oslo og eitt av fem landsdelsmuseum i Norge. Museet har den største historiske og etnografiske gjenstandssamlinga i landet.

³⁶ Samlede dokument lasta ned frå: <https://www.kulturradet.no/vis-publikasjon/-/publikasjon-museer-i-mellom-lan-handtering-og-transport-av-gjenstander> Sist lasta ned tysdag 26. mai.

Antikvitetssamlinga som er utgangspunktet for oldsakssamlinga, vart oppretta i 1811 og samla gjenstandar frå heile landet. I dag er det Østlandet og Sørlandet som høyrer til under Kulturhistorisk museum i Oslo.

KHM er intervjuet ved Lars Groseth, som er utlånsansvarleg. Groseth har ei sentral stilling i administrasjonen ved museet, og *utlånsansvarleg* er eit ansvarsområde, ikkje ei stilling. Groseth anslår at han bruker omrent 20 % av arbeidstida si på å administrere lånesøknadar og følge opp låneprosessar. Som eg skal omtala seinare, uttrykker han og at museet kunne ha behov for ein person i 100 % stilling knytt til lån, men at ressursane ikkje strekk til.

Fjellmuseet i Lom

Det er Norsk fjellsenter i Lom som huser det kulturhistorisk museet Fjellmuseet i Lom. Senteret er også nasjonalparksenter for tre nasjonalparkar, Jotunheimen nasjonalpark, Breheimen nasjonalpark og Reinheimen nasjonalpark. Dei har og sidan 2018 (dobbeltsjekk) husa eit lite vitskapscenter som gir besökande innblikk i fleire vitskapeleg fenomen knytt til fjellet. Den kulturhistoriske utstillinga ved senteret fortel og om bruken av fjellet, frå førhistorisk tid til notid. Det er denne heilskapelege formidlinga av fjellet i fortid og notid, og i ikkje minst i eit klimaperspektiv, som gjer at Norsk fjellmuseum (etablert i 1994) i 2016 endra namn til Norsk fjellsenter.

I 2018 opna ei ny kulturhistorisk utstillinga som har fått namnet Bergtatt. Utstillinga er som nemnd forma rundt historia om fjellet og folket som brukar fjellet. Utstillinga husar no ei stor samling av gjenstandar frå KHM, som kjem frå den mykje omtalte ”bre-arkeologien”: arkeologiske gjenstandar i materialar som vanlegvis forvitrar raskt, f.eks. tre og bein, blir funne av arkeologar og fjellfolk som følger is-smeltinga på breane i Jotunheimen.

Fjellsenteret i Lom er intervjuet ved prosjektleiar for Bergtatt ved Norsk Fjellsenter, Thea Dahlen.

Maihaugen

Maihaugen er landets største friluftsmuseum og har vore museum sidan 1904. Museet er basert på ei privat, kulturhistorisk samling av Anders Sandvig i 1887 og har hatt som mål å vise fram breidda av norske heimar, frå storgardar og husmannsplassar i Gudbrandsdalen til siste tilskot som er Dronning Sonja sin barndomsheim i to etasjar frå 1930-talet. Sidan 2011 er Maihaugen del av det konsoliderte museet, Stiftelsen Lillehammer museum.

Folkemusea, gruppa museum som Maihaugen høyrer under, har som oppgåve å samle gjenstandar og bygningar frå etterreformatorisk tid og Maihaugen har eit omfattande magasin med gjenstandar i tillegg til eit stort tal gjenstandar i utstilling og i bruk som museumspedagogiske gjenstandar. Når museet no jobbar fram mot ei ny kulturhistorisk utstilling i hovudbygget på Maihaugen, har dei likevel vald å låne inn før-reformatoriske gjenstandar frå KHM. Dei har blant anna søkt om å låne ”gullgubbane” frå Vingrom, sør for Lillehammer. Dette er eit sjeldan gjenstandsmateriale frå merovingartid og gjenstandane er knytt til religiøs praksis.

Maihaugen er intervjuet ved Kjell-Marius Mathisen, avdelingsleiar for kulturhistorisk avdeling ved Maihaugen som har prosjektansvar for den nye utstillinga. Fordi Maihaugen ikkje har fullført innlånsprosessen, tok Mathisen initiativ til å invitere med seg kollega Else Braut, som er konservator ved Maihaugen. Bakgrunnen for dette er at ho i 2014 var ansvarleg for innlån av tekstilar frå KHM til ei utstilling ved Stiftelsen Lillehammer museum.

Institusjonsstrategiske dokument

Eg har og undersøkt institusjonsstrategiske dokument frå musea som er del av utvalet. Dokumenta frå musea er relevante fordi dei er ei fortolking og dermed vidareføring av dei normative føringane som blir lagt på lånepraksis. Dokumenta utgjer eit viktig steg mellom politikk og praksis. Dokumenta er i stor grad henta frå nettsidene til musea i utvalet, men eg har også førespurt dokumenta frå musea, via respondentane til intervju ”eit strategidokument eller anna dokument som ligg til grunn for (*museet*) sitt virke.” Begrunna i at ”desse dokumenta er på mange måtar ein fortolking av dei politiske føringane musea jobbar etter, og er derfor relevante for å forstå for eksempel handsaminga av eigne gjenstandssamlingar og låneaktivitet.”³⁷ Frå Kulturhistorisk museum har eg brukt to dokument: ”Forskningsstrategisk og utstillingsstrategisk plan 2020”, samt ”Årsplan 2019-2021”.³⁸ Eit brev frå kulturdepartementet³⁹ til KHM med presisering av plikt til utlån, har også vore eit sentralt dokument. Frå Norsk fjellsenter i Lom har eg brukt dokumentet ”Handlingsprogram 2018-2022 - Norsk fjellsenter i Lom” og frå Maihaugen ”Formidlingsplan for Lillehammer museum 2017 – 2020”, ”Samlingsforvaltningsplan 2017-

³⁷ Sitat frå e-post frå meg til respondentane ved musea i samanheng med undersøkinga

³⁸ Lasta ned frå: <https://www.khm.uio.no/om/organisasjon/strategi-og-arsplaner/dokumenter/forsknings-og-utstillingsstrategisk-plan.pdf> Sist lest 10.februar 2020

³⁹ Brev frå Kulturdepartementet til KHM, datert 9.juli 2007

2020”, ”Samlingsforvaltningsplan 2020-2025” og ”Langtidsplan 2020-2025 Stiftelsen Lillehammer museum”.⁴⁰

Refleksjon rundt utval

Eg kunne vald å inkludere ei større tidsdjupne i undersøkinga av dokumenta. Musea har vore underlagt politiske føringar i eit langt lengre tidsperspektiv enn det som her blir undersøkt. Som ein konsekvens av at kulturminnefeltet er politisert, vil feltet til ein viss grad endre seg med dei politiske skifta i samfunnet. For å sikre relevans for notidig kontekst, og i lys av dei tidsmessige rammene eit mastergradsprosjekt utgjer, var det likevel riktig å begrense innhaldsanalysa til dokumenta frå dei siste tre tiår. Som nemnd over, er museums-Norge i stor grad forma av museumsreforma som har konsolidert seg gjennom denne perioden. Ved innhaldsanalysa som metodisk verktøy er det ikkje uvanleg at tilfanget av dokument veks ettersom ein gjennomfører metoden, dette er også tilfelle for dette prosjektet. Det er særskilt dokument det refererast til i stortingsmeldingar som har komme til, NOU-ar og notat frå Kulturrådet.

Dei to låneprosessane som har blitt undersøkt har både likskapar og uliksakapar med tanke på bakgrunn for lån og omfang av lån. Dette er noko eg hadde kjennskap til tidleg i prosessen med dette prosjektet og eg ønskte å utvide undersøkinga både tematisk og geografisk. Eg inviterte derfor også Slottsfjellmuseet og utstillinga ”LUX – tro og hellighet i middelalderen” som opna våren 2019 og skal vise det religiøse liv i Tønsberg og Vestfold i mellomalderen. Slottsfjellmuseet vart kontakta samstundes som dei andre institusjonane vart kontakta, men kommunikasjonsmessige utfordringar gjore at dialogen vart etablert på eit seinare tidspunkt. Etter at kontaktpersonene ved museet hadde akseptert deltakinga i undersøkinga stoppa dialogen opp att og dei vart likevel ikkje del av undersøkinga. Dette vart klart så seint i prosessen at det ikkje var gunstig å ta kontakt med ein ny institusjon og eg landa derfor på at det mest gunstige var å halde det til dei to innlånsinstitusjonane som hadde akseptert deltakinga i prosjektet. Variasjonane i dei to låneprosessane som er undersøkt utgjer eit godt grunnlag for å svare på problemstillinga, og det er ikkje vurdert som eit problem at den tredje respondenten ikkje vart del av undersøkinga.

⁴⁰ Tre av dokumenta henta frå Maihaugen sine nettsider: <https://lillehamermuseum.no/om-stiftelsen-lillehammer-museum/vision-verdier-og-planer>. Sist lasta ned 25.mai 2020. ”Samlingsforvaltningsplan 2020-2025” ikkje tilgjengeleg på nett enno, fekk tilsendt frå Mathisen 25.mai 2020 per e-post

Gjennomføring av datainnsamling

Problemstillinga til denne undersøkinga tek utgangspunkt i dei politiske føringane for lån mellom musea, for så å sjå på eksempel på lånepraksis og deretter kommentere på prosessen mellom føring og praksis. Det er i stor grad i denne rekkefølga at undersøkingane også har tatt stad, men det har ikkje vore ei rett line. Eg starta prosessen med å lese gjennom dei aktuelle dokumenta på to måtar, analogt og digitalt. Kombinasjonen av desse lesemетодane vil eg komme attende til seinare i dette delkapittelet.

Intervjuguidane vart i stor grad forma av refleksjonar eg gjorde meg ved gjennomlesing av dokumenta. I etterkant av intervjuha har eg gått attende til dokumenta og undersøkt dei i lys av data henta inn under intervju. I avtala med respondentane låg moglegheita for opptil to oppfølgingsintervju per e-post og telefon, og eg har nytta meg av eitt oppfølgingsintervju per e-post, med kvar respondent. Det har altså vore ein prosess rundt datainnsamlinga som har hatt stor nytte av den fleksible tilnærminga som karakteriseres den kvalitativ metoden.

Innhaldsanalyse av dokument

Som nemnd er dei museumspolitiske dokumenta lest både som papirdokument og som elektroniske dokument. Ved gjennomlesing av papirdokument har eg lest innleiing til dokumentet og innhaldslista. Eg har vidare funne fram til dei kapitla eller delkapitla som eg har vurdert som relevante for undersøkinga mi. Fordi eg veit at lån skjer med tanke på både formidling og forsking, har eg lese kapittel kor både desse stikkorda har vore handsama, sjølv om denne undersøkinga rettar seg mest mot lån til utstilling og ikkje til forsking.

Til elektronisk lesing av dokumenta har eg nytta pdf-lesaren Preview. Her har søkefunksjonen vore eit viktig verktøy som eg har nytta til å søke på relevante stikkord i dokumenta. Stikkorda eg har søkt etter er *samfunnsrolle, samfunnsoppdrag, demokrati, publikum, lån, utlån, demokratisering, tilgjengeleggjering, publikum, distrikt, distriktsmuseum, regionsmuseum*. Eg har også søkt etter samansette omgrep som ”*gjere tilgjengeleg*”, ”*andre museum*”, ”*nå ut*”, ”*nå fleire*” og ”*breitt publikum*”. Desse omgrepene er viktige for å fange opp kva som er sagt om tematikken kring tilgjengeleggjering av gjenstandar.

Dokumenta er skrive i ulik tid og av ulike personar. Nokre ord er ”trendy” i ei periode, for så å forsvinne. Det kan derfor være eitt dokument kor museet sitt *samfunnsoppdrag* er

nemnd fleire gonger, medan samfunnsrolla ikkje er nemnd. I neste dokument er det omvendt, men det er tydeleg at dei omtalar same fenomen.

Dei institusjonsstrategiske dokumenta tilhøyrande musea i utvalet er ikkje særskilt omfattande, så desse har eg lest i sin heilheit. Eg har sett etter dei same omgrepene som eg har søkt etter i dei museumspolitiske dokumenta. Fordi dei museumspolitiske dokumenta og museumsdokumenta ikkje er skrive med same formål eller av folk med same fagbakgrunn, er ikkje tema og stikkorda handsame innanfor dei same rammene i dei ulike dokumenta. Bruken av ulike omgrep og bevisstheit rundt dette i arbeidet med analysen kjem eg attende til i analysen i kapittel 4.

Refleksjon rundt innhaltsanalyse

Å lese analogt og digitalt utgjer ein forskjell i forståelsen av dokumenta. Sjølv om eg las dokumenta selektivt i papirutgåve, får ein eit meir heilheitleg inntrykk av dokumentet ved å gjere det slik. Ein må fysisk bla seg fram og attende og får inntrykk av kor stor plass eit tema tek eller ikkje tek i dokumentet.

Elektronisk lesing kan bidra til at eit tema ser ut til å ha større plass enn det har, då ein ikkje blar på same måte, men finn direkte fram til det ein søker etter. Likevel gir elektronisk lesing, kor ein kan søke opp spesifikke omgrep, andre moglegheiter til å gjere utval av utdrag og sitat i arbeidet med ei analyse. I arbeidet med å samanstille poeng frå intervju, forskingshistorikk og politiske dokument er elektronisk lesing svært nyttig. Då er det likevel viktig å ha lest dokumenta analogt, for å ha heilskap og kontekst i bakgrunnen. Eg har nemnd at nokre omgrep skiftar i tid, frå dei ulike stortingsmeldingane. Dette er eit godt eksempel på kva observasjonar elektronisk lesing, med søkefunksjon kan føre til. Eg har søkt på dei ulike omgrepene og fylt ut ein tabell for forekomst av omgrepene. Då vart det tydleg at bruken av enkelte omgrep er langt større i nokre dokument, samanlikna med andre.

Ved å utføre innhaltsanalyse av dokumenta på denne måten, lar ein dokumenta tale for seg sjølv. Ein kunne ha vald å gå nærmare inn på bakgrunnen for formuleringane i dokumenta, blant anna ved samtaler med Kulturrådet. Denne framgangsmåten er vald bort, fordi det er forholdet mellom dokumenta og praksis, prosessen i handlingsrommet mellom føringar og praksis, som skal undersøkast, det er i så måte riktig å la dokumenta tale for seg sjølv, slik dokumenta framstår også for dei som fortolkar dei til eige praksis ved musea.

Gjennomføring av intervju

Etter eit testintervju med ein av respondentane til oppgåva, Thea Dalen ved Norsk fjellmuseum, hausten 2019 bestemte eg meg for å inkludere ei enkel spørjeundersøking i datainnsamlinga. Denne spørjeundersøkinga svarte både innlånsinstitusjonar på i forkant av intervjuet. Dette sikra eit likt utgangspunkt for dei to innlånsinstitusjonane som gjer samanstilling av data enklare. Spørjeundersøkinga bidrog til å førebu meg som intervjuar ved at eg fekk eit skjelettet å bygge intervjuguiden på. Den bidrog og til å førebu respondentane, som gjennom denne fekk stille seg inn på dei aktuelle problemstillingane. Ved å fylle ut spørjeundersøkinga fekk respondentane anledning til å gjere praktisk førebuing; ein del av dataa er ikkje data respondentane ”har i hovudet” og dei fekk anledning då til å gå inn i arkiv og diskutere med kollegaer i forkant av intervjuet.

Eg sendte ut invitasjonane til respondentane hausten 2019, for å sikre god tid til å gjere dei aktuelle avtalane. I invitasjonen gav eg ein kort innføring i kva undersøkinga mi etterspurte og korleis eit eventuelt intervju med dei kunne bidra til å belyse problemstillinga mi. Eg ba om eit innleiande intervju på 20 minutt og moglegheit for to oppfølgingssamtalar per telefon eller e-post. Eg informerte og om at dei skulle svare på ei spørjeundersøking i forkant av intervjuet, om dei skulle velje å takke ja. Eg fekk raskt positiv respons frå tre av fire institusjonar.

I januar gjorde eg konkrete avtaler med dei respondentane som takka ja til å være del av undersøkinga og avtalte at samlege intervju skulle gjennomførast i veke 9. I forkant av intervjuet sendte eg ut informasjonsskriv med tilhøyrande samtykkeskjema⁴¹. Dette skrivet og erklæringa var likt for dei tre institusjonane.⁴² I dette skrivet var det lagt vekt på å gi respondenten informasjon om kva dataa som kom ut av intervjuet med dei skulle nyttast til og korleis dei kunne trekke seg før, under og i etterkant av undersøkinga. Dette er i tråd med etiske retningsliner for gjennomføring av kvalitative intervju.⁴³

Dei innleiande intervjuata tok alle stad ved dei aktuelle institusjonane, for å sikre at respondenten var på heimebane. I forkant av intervjuet avklarte eg med respondenten at eg tok lydopptak (ved hjelp av telefon). Dette for å frigjere fokus til samtala og å kunne gå

⁴¹ Prosjektet er meldt inn og godkjent av NSD, dette inkluderer intervjuguide, spørjeundersøking, informasjonsskriv og samtykkeerklæring.

⁴² Groseth ved KHM fekk skjema under intervjuavtala, dei øvrige respondentar fekk skjema tilsendt i forkant per e-post. Groseth vart informert om at han kunne få tid til å fylle det ut i etterkant, men han ønskte å underskrive ved start av intervju.

⁴³ Thagaard, 2009, s. 26-27

attende i opptaket i tilfelle noko vart uklårt i notatane mine eller eg ønska å inkludere fleire i tolkinga av intervjuet.⁴⁴

Refleksjon rundt intervju

Datainnsamlingsprosessen har gitt meg relevant dataa og nytte til analysen av oppgåva. Dialogen med respondentar har vore enkel og utan hindringar (med unntak av respondenten som datt ut av prosessen). Slik sett kan ein seie at prosessen har vore god. Det er likevel riktig å gjere nokre refleksjonar rundt prosessen.

Som det kjem fram av dette kapitlet hadde eg kjennskap til dei tre institusjonane i forkant av dette prosjektet. Ein av institusjonen, Norsk fjellsenter, representert i undersøkinga ved Thea Dalen, var del av metodeutprøving hausten 2020. Ulike grad av nærleik til respondentane i undersøkinga kan være ei utfordring, men har og vore ein fordel. Fordelane har vore at uformelle samtalar og tidligare refleksjon rundt deira aktivitet har vore med å forme interessa mi for problemstillinga i denne oppgåva og å spisse den inn mot ei oppgåva. Det har og vore nyttig å teste metoden og kunne reflektere rundt dette i etterkant. Moglegheita for at ein fortolkar svara frå undersøkinga annleis når ein kjenner respondenten og låneinstitusjonen, er sjølvsagt til stades. Ein gjer ikkje dette bevisst, men kjennskapen til prosjektet og ein friare kommunikasjon med respondenten kan føre til at ein stiller fleire og meir riktige oppfølgingsspørsmål og får meir truverdige svar. I lys av analysen og drøftinga av data er det likevel mi vurdering at, om det har intruffe under datainnsamling, svekker ikkje dette truverdet til den øvrige data og speler ikkje negativt inn i analysen. Dette er ikkje eit komparativt studium, så i kor stor grad informasjonen frå dei to innlånsinstitusjonane i ulik grad går i djupna av problemstillinga, påverkar ikkje analysen.

I arbeidet med oppgåva mi har eg rolle som intervjuar og initiativtakar. Det er derfor riktig å nemne at eg tidlegare har hatt ein annan rolle i relasjon til musea. Eg har vore i praksis ved Gudbrandsdalsmusea, som Fjellmuseet ligg under, i samanheng med studiet i kulturminneforvaltning. Eg har også jobba på eit arkeologisk prosjekt som hadde samarbeid med Fjellmuseet og kor Thea Dalen var vår kontaktperson. I praksisperioda mi var eg og observatør ved eit samarbeidsmøte i samanheng med utviklinga av Impulser ved Maihaugen. Eg hadde ikkje uttalerett, men observerte eit møte mellom arkitektar, konservatorar og

⁴⁴ Hauan, 2006, s. 17

formidlarar. Eg har i fleire tilfelle jobba for Kulturhistorisk museum som feltarkeolog, og har ved ein anledning hatt kontorpllass ved museet og kor Lars Groseth var ansvarleg for deler av opplæringa mi. Som feltarkeolog og student innan kulturminneforvaltning har eg altså relasjonar til institusjonane og delvis til respondentane frå tidligare. Møter med institusjonane har spelt inn i mi interesse for feltet, men eg kan ikkje sjå at dei tidligare relasjonane spelar inn på mi rolle som intervjuar eller truverde av mi analyse.

Å førebu respondenten på kva intervjuet dreier seg om og kva problemstillingar ein jobbar med, bidreg til å sikre at ein får nytte av svara ein får. Fleire av dei opplysningars eg har etterspurt i intervjuet er opplysningar som respondentane moglegvis må hente frå eige e-postarkiv eller museet sitt arkiv, eller kollegaer. Intervjuobjektet får og gjennom førebuing moglegheita til å stille seg inn i dei tankebaner eg som intervjuar ønsker å undersøke og samtale om. Men det er og ein risiko forbunde med å førebu respondenten på tema og problemstilling.. Når intervjuobjekta er inviterte til å prate om nettopp utlån, og eg har presentert hypotesen min om at utlån har liten plass i dei normative føringane, kan dette gi intervjuobjekta insentiv til å framstille det som om lånepraksis har ei større rolle i deira arbeidskvardag enn det eigentleg har. Dette er ikkje det same som å påstå at intervjuobjektet ikkje snakkar sant, eller bevisst ønsker å tilfredsstille intervjuaren forventing, men heller ei underbevisst mekanisme. Ramma for samtala/intervjuet påverkar også det som blir sagt og dette er eit viktig moment å ta med seg inn i analysen av dataa.

Det er små forhold i norsk museumsverk, og opne intervju kan derfor by på utfordringar. Det er blant anna gjennom intervjuet og spørjeundersøkinga etterspurt informasjon om relasjonar mellom institusjonane gjennom låneprosessen. Det er og etterspurt interne forhold i institusjonen med tanke på kunnskapsnivå og økonomi. Eg har likevel ikkje vurdert at dataa eg etterspør er av ein slik art at anonymisering har vore aktuelt. Dei spesifikke musea si plassering i kulturminneforvaltninga og geografisk er eit viktig premiss for å forstå og nyttiggjere seg dataa som kjem ut av undersøkingane. Det same gjeld for respondentane som har representert musea, deira rolle i låneprosessen som undersøkast, er avgjerande for relevansen til dataa som blir samla inn.

Alternativ tilnærming til problemstillinga

Ein kunne tilnærma seg undersøkinga av lånepraksisen ved å etterspør kvantitativ data. Ein kunne nyttiggjort seg tal frå Kulturrådet sin museumsstatistikk og fått overblikk over kor mange som låner ut gjenstandar og lånar inn gjenstandar og eventuelt samanlikne tala i eit

tidsperspektiv. På denne måte kunne ein bryte ned dei oppgitte 73% av museum som er del av lånepraksis i året⁴⁵, for å få oversikt over kor stor del av dette som gjeld kulturhistoriske museum. Ein kunne etterspurt kostnadene ved lån blant eit stor tal museum og samanlikna tala mot øvrig budsjett for musea for å sjå kva rolle ein slik kostnad spelar for eit museum. Ein slik tilnærming er vald bort, for å fokusere på dei kvalitative dataa som kan svare på kva som skjer i prosessen mellom føringar og praksis og kva rolle musea sjølve ser at lån spelar oppfylling av museet sitt samfunnsoppdrag.

Oppsummering av kapittelet

Dette kan kapittelet ha greidd ut om utvalet av kjelder til undersøkinga og korelis undersøkingane er gjennomført og eg har reflektert rundt både utval og gjennomføring av metode. Eg har også reflektert rundt kva andre tilnærmingar ein kunne tatt for å belyse problemstillinga. Min eigen rolle som aktør i prosessen er også diskutert. Kapittelet har hatt som mål å skildre dei val som er tatt for å sikre ein ryddig prosess rundt undersøkingane av kjeldene til denne oppgåva og slik sørge for kjeldene sin relevans.

⁴⁵ St.meld. 49, s 92

4. Lån som verktøy for tilgjengeleggjering

Problemstillinga som skal undersøkast i denne oppgåva er **kva føringer for lånepraksis mellom norske museums som ligg i sentrale museumspolitiske dokument, korleis musea tolkar føringane og korleis dette påverkar låneprosessar i praksis?**

Eg vil altså vurdere dei normative føringane opp mot praksis. For å bryte ned problemstillinga og bygge argumentasjonen har eg formulert tre påstandar til problemstillinga med tilhøyrande forskingsspørsmål. Desse var presentert i innleiinga til oppgåva og eg har vald å strukturere analysen ved hjelp av desse spørsmåla, for så å oppsummere resultata i ein konklusjon kor målet er å svare på den overordna problemstillinga. Påstandane og spørsmåla er nummerert, med underdeling. Kvar påstand og spørsmåla vil belysast av data frå analysen av dokumenta og data frå intervjua som er gjennomført parallelt.

Tilgjengeleggjering - eit sett med verktøy

1. Tilgjengeleggjering av gjenstandar er del av museet sitt samfunnsoppdrag og eitt av kjerneområda til museal praksis i tråd med sentrale museumspolitiske dokument
 - a. Korleis blir dei ulike verktøya for tilgjengeleggjering framstilt og veklagt i dei sentrale museumspolitiske dokumenta og dei institusjonsstrategiske dokumenta?
 - b. Kva føringer ligg for lån som verktøy i sentrale museumspolitiske dokument og institusjonsstrategiske dokument?

Vektlegginga ein kan spore på tilgjengeleggjering som del av museet sitt samfunnsoppdrag, utgjer sjølve premisset for å undersøke lånepraksisen. Tilgjengeleggjering som kjernefokus for musea, understreka av både museumspolitiske dokument og musea sine eigne dokument, definerer det som viktig at musea gjer samlingane sine tilgjengelege for samfunnet. Det er forventa frå politisk hald, frå samfunnet og frå musea sjølve.

Som det kjem fram av kapittel to i denne oppgåva finn ein fokus på tilgjengeleggjering også i faglitteraturen innan fleire fagfelt: museumsstudiar, kulturminnestudiar, arkeologi og kulturarvstudiar, kor det å gjere materiell kultur tilgjengeleg for samfunnet er veklagt som eit demokratisk viktig prinsipp for kulturarvsfeltet. I litteraturen blir det veklagt at det handlar

om *samhandling* med samfunnet, som blant anna sikrar kulturminneforvaltning relevans. Samhandling påverkar også forvaltninga, med tanke på kva ein til ein kvar tid ser som viktig kulturarv. Tilgjengeleggjering skal i så måte sikre at samfunnet er med å definere kva som er viktig å ta vare på, konservere og formidle som vår felles kulturarv.

Dei ulike verktøya for tilgjengeleggjering er beskrivi i kapittel to. Ein kan i hovudsak dele verktøya inn i to kategoriar: dei som tilgjengeleggjer den autentiske gjenstandane og dei som tilgjengeleggjer kunnskapen om gjenstanden eller ein representasjon av gjenstanden. Å tilgjengeleggjere kunnskapen rundt ein gjenstand eller ein representasjon, er ofte gjort gjennom digitalisering. Å gjere tilgjengeleg ein autentisk gjenstand kan delast ytterligare i to kategoriar: å tilgjengeleggjere autentiske gjenstandar knytt til museumsbygningane og tilgjengeleggjere autentiske gjenstandar også utanfor museumsbygningane.

Det er altså ikkje slik at tilgjengeleggjering referer til éin bestemt praksis, men til eit samansett sett av verktøy for å oppnå tilgang til kulturarven for samfunnet. Fordi det er fleire verktøy som nyttast for tilgjengeleggjering er det relevant å sjå kort på den samla verktøykassa som heilskap. Det vil bli sett i lys av den overordna problemstillinga og derfor peikt attende til utfordringa universitetsmusea har med å tilgjengeleggjere for heile sitt nedslagsfelt.

1 a) I dei museumspolitiske dokumenta nyttast ofta omgrepet *tilgjengeleggjering* utan at det er spesifisert eller forklart, men nokre stader blir det og vist til spesifikk praksis knytt til tilgjengeleggjering og i dette del-kapittelet ska vi sjå nærmare på korleis omgrepet tilgjengeleggjering er omhandla i dei normative føringane. Dei tilnærmingane til tilgjengeleggjering som i hovudsak nyttast av musea er:

- Utstilling i museet: midlertidige og permanente utstillingar, inkludert skulebesøk
- Vandreutstillingar
- Digitalisering
- Publikumsmagasin
- ”Ferskvareformidling”
- Utlån/innlån

Utstillingar i museum - midlertidige og permanente utstillingar, inkludert skulebesøk

Det er ikkje overraskande at det i dei museumspolitiske dokumenta er gitt eit hovudansvar for tilgjengeleggjering på utstillingsformatet. Utstilling er det verktøyet som tradisjonelt sett er sett på som museet si primæroppgåve til formidling og tilgjengeleggjering av gjenstandar. I samanheng med utstillingar har demokratisering vore eit underliggende ideal gjennom fleire tiår. Ofte knytt opp mot kven som besøker museet. Som nemnd i kapittel to av denne oppgåva er de innan museologien vore sentralt å spørje seg *kva* ein stiller ut, *korleis* ein gjer det og *kvifor*. Dette er knytt til ønsket om at alle skal finne sine narrativ fortlat i museet, at ingen grupper skal ekskluderast. Dette representerer den museumsfaglege tilnærminga til utstillinga. Det er relevant å spørje om ikkje den museumspolitiske tilnærminga burde inkludere eit fjerde spørsmål om *kor* ein stiller ut, med tanke på å nå heile samfunnet.

Den seneste kulturbruksundersøkelsen som Statistisk sentralbyrå gjennomførte i 2008, viser at andelen av befolkningen som har besøkt museum de siste 12 månedene, var 43 prosent. Denne andelen har vært relativt konstant. I perioden 1991– 2008 har tallene variert mellom 41 prosent (1991) til 45 prosent (1994 og 2000). Mønsteret er også konstant når det gjelder utdanningsnivå, kjønn, alder og bosted.⁴⁶

I evalueringa av besøksmønstre er altså ikkje nærleik til museum nemnd, eller omhandla på noko måte. At store deler av befolkninga ikkje har eit museum geografisk nært er ikkje nemnd, verken i samanheng med regionsmuseum eller universitetsmuseum.

Ein finn att det same fokuset på utstilling i musea sine eigne institusjonsstrategiske dokument. Også her er det fokus på *kva* ein skal stille ut. For Kulturhistorisk museum så er det særskilt korleis som blir omhandla, då dei har ein bevisst strategi for å endre utstillingsformatet sitt i tida framover.

Vandreutstillingar

KHM har også, utan at det ligg noko konkret om eit slikt tiltak i dei politiske føringane, definert vandreutstillingar som ein del av si formidlingssatsing. Dette er ein annan måte å tilgjengeleggjere gjenstandar på, til eit større publikum. Demokratisering kan sjåast på ulike måtar: ein kan definere det som demokratisk å dele ansvaret og rettane til gjenstandane mellom fleire instansar i ulike stader av landet. Eller ein kan definere det som meir demokratisk å samle rettane i ein felles instans som har ansvar for å tilgjengeleggjere til samfunnet elles.

⁴⁶ St.meld. 49. s. 155

Ei vandreutstilling, på lik line med eit tett samarbeid om utlån, svarer til både desse ideala. Her ligg fortolkingsansvaret hos dei som produserer utstillinga og som sitt på fagkompetansen, samstundes som både dei autentiske gjenstandane og fortolkinga av dei blir tilgjengeleg for eit større publikum.

I st.meld. 49 er *vandreutstillingar* nemnd sju gonger, men berre ein av dei i samanheng med ei generell føring. Dei øvrige seks gongene er det for å omtale konkrete vandreutstillingar. Under deloverskrifta ”Strategier og planer for videre utvikling av universitetsmuseene” står det at

Kunnskapsdepartementet vil legge til rette for at universitetsmuseene kan søke om støtte til vandreutstillinger fra Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen. Det foreslås også å innføre økonomiske virkemidler for å fremme formidling.⁴⁷

I st.meld. 22 blir vandreutstilling nemnd to gonger. Utstillingsforma blir trekt fram som eit middel til å kunne ”ta opp dagsaktuelle tema og vera ein del av det allmenne ordskiftet i samfunnet.”⁴⁸ og ein gong i samanheng med krav som blir stilt til museum under fylkeskommunal styre som får statleg driftstilskot. Det er det presisert i eitt av 11 punkt at

Når det er fagleg forsvarleg, bør musea stilla gjenstandar til rådvelde for fellesutstillinger (t.d. vandreutstillingar) i regi av offentlege institusjonar eller private museum med offentlege driftstilskot.⁴⁹

I st.meld. 15, som er eksplisitt retta mot universitetsmuseum, er vandreutstilling omtala slik:

Utvalget trekker fram at flere vandreutstillinger år om annet har bidratt vesentlig til økt publikumstilstrømming. Vandreutstillinger, enten mellom universitetsmuseer eller mellom universitets- museer og andre museer, fører til økt samarbeid og styrker formidlingskompetansen. Kunnskapsdepartementet vil derfor legge til rette for at universitetsmuseene kan søke om støtte til vandreutstillinger fra Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen.⁵⁰

Ein ser at samarbeid mellom musea, og auka formidlingskompetanse blir trekt fram som insentiv til å produsere vandreutstillinger. Omgrepene auka publikumstilstrøyming er nemnd og det er det nærmeste ein kjem omhandling av ein geografisk spreiing og tilgjengeleggjering av gjenstandar for større del av befolkninga.

I st.meld.48 er vandreutstilling nemnd som verktøy til å nå ut til eit breiare lag av befolkninga, men då berre i samanheng med kunstutstillingar. I samanheng med

⁴⁷ St.meld.49, side 134

⁴⁸ St.meld.22, side 121

⁴⁹ St.meld.22, side 108

⁵⁰ St.meld.15, s 31

kulturhistoriske museum er det ikkje nemnd i denne meldinga. Det er likevel spanande å sjå til kunstverda, der det er meir synleg erkjenning av behovet for å produsere utstillingar for heile landet. I omtala av ”Landsdekkende program” i Store norske leksikon kan vi sjå at ein av grunntankane for programmet er at

kunst og kulturopplevelser skal være et demokratisk gode, og ikke kun avhengig av geografisk beliggenhet eller sosial og økonomisk tilhørighet.⁵¹

I dei institusjonsstrategiske dokumenta er det berre ved KHM vi finn att vandreutstillingar som verktøy. Her der det nemnd ein gong at dei ønsker å satse på vandreutstillingar, både stader er verktøyet nemnd saman med utlån som verktøy. Det er blant anna nemnd som deltiltak under overskrifta ”Utstillinger og formidling” i årsplanen, kor det står ”Synliggjøre KHM-satsninger på vandreutstillinger og utlån.”⁵² Det er derimot ikkje utdjupa kva satsinga inneber. På spørsmål om dette til Groseth, kjem det fram at denne satsinga antakeleg ikkje sjåast opp mot ansvar for eige nedslagsfelt, men heller omdømmebygging i utlandet.

Tror ikke vi helt vet hva det betyr i praksis enda. Ny strategi er underveis – Strategi 2030. Vil tro det kommer med videre der. Men jeg tror bakgrunnen for dette er et ønske om mer aktiv profilering av museet utenlands.⁵³

Digitalisering

Som det kjem fram av teorikapitlet til denne oppgåva kan *digitalisering* beskrive svært ulik praksis: frå gjennomtenkte, pedagogiske plattformar for formidling, til synleggjering av katalogtekstar. Ein kan spørje seg om det er riktig å adressere *digitalisering* som eitt verktøy, då handlingsrommet innanfor digitalisering er stort. Likevel er det det som blir gjort i dei museumspolitiske og institusjonsstrategiske dokumenta som er i utvalet til denne oppgåva, så eg har vald og også bruke dette samleomgrepet til denne analysen.

I st.meld. 22, som i hovudsak omhandlar digitalisering av ABM-sektoren, anerkjennast det at digitalisering utan bevisst formidling mot ulike målgrupper, ikkje i seg sjølv treng være verdifult. Det leggast vekt på at ein må ha eit bevisst forhold til korleis dei digitaliserte kjeldene formidlast.

Millioner av digitale kilder på nett vil være verdiløst for mange om de ikke tilrettelegges for bruk og formidles.⁵⁴

⁵¹ Frå nettside: https://snl.no/Landsdekkende_program_Sist_lest_22.mai 2020

⁵² Årsplan for Kulturhistorisk museum 2019-2021, side 12

⁵³ Intervju med Groseth , Oslo, 19.februar 2020

⁵⁴ St.meld.22, s 14.

Digitalisering har fått stor plass og fokus i samanheng med tilgjengeleggjering dei siste to tiåra. Det er nærliggande å spørje seg om brei satsing på digitalisering påverkar andre verktøy for tilgjengeleggjering, som lånepraksis.

Det er ei samd oppfatning museumspolitisk og museumsfagleg at ikkje noko kan erstatte tilgjengeleggjeringa, av autentiske gjenstandar.

I formidlingssammenheng kan museene vise autentiske gjenstander. Ingen annen formidlings- form kan erstatte dette fullt ut.⁵⁵

Det er då nærliggande å stille spørsmålet om kvifor tilgjengeleggjering av dei autentiske gjenstandane er så lite behandla i dokumenta, samanlikna med digitalisering. Svaret ligg i stor grad i fortettinga av førre sitat:

Likevel må museene erkjenne at ingen formidlingskanal når så bredt ut som Internett, og her ligger det store uutnyttede muligheter.⁵⁶

Ein kan slik sjå at det ligg ei erkjenning av eit utfordring kring den geografiske spreiing av befolkninga, utan at dette er gjort meir eksplisitt i dokumenta enn sitatet over. Dette er ein av mange stader kor ein bruker omgrep som ”nå fleire” i omtala av digitalisering som verktøy. I st.meld. 15 kjem det og fram at digitalisering sjåast som eit middel til å gjere tilbodet frå musea tilgjengeleg for heile landet

Norges forskningsråd skriver at en styrking i form av digitalisering og nettbasert formidling vil bidra til å gjøre museenes tilbud «landsdekkende», noe som kommer både allmennheten og skolen til gode.⁵⁷

Digitalisering kan også føre til at fleire ønsker å oppleve autentiske gjenstandar, blant anna ved at det er signal i museumsverket om at digitalisering kan føre ”auka låneaktivitet”. Her er vi inne på viktigheita av å sjå verktøya for tilgjengeleggjering som ein heilskap, som nemnd i innleiinga til dette kapitelet. Det er fornuftig og naudsynt å utvikle dei ulike verktøya for tilgjengeleggjering parallelt

Utfordringen ligger derfor i å kombinere det åpenbare formidlingspotensialet som ligger i å presentere museenes samlinger i digital sammenheng, med ytterligere styrking av den formidlingen som får publikum til å oppsøke

⁵⁵ St.meld. 15, s 11

⁵⁶ St.meld. 15, s 11

⁵⁷ St.meld. 15, s 27

samlingene i institusjonene.⁵⁸

Vurderer ein spalteplass i museumspolitiske dokument som indikator på vektlegging av verdi av dei ulike verktøya, er digitalisering høgt prioritert. I den samanheng er det likevel viktig å påpeike at sjølv om digitalisering har fått stor spalteplass samanlikna med andre verktøya, så er det og medvit kring å sjå digitalisering i ein samanheng med andre verktøy.

Ofte vil tradisjonell for- midling og digital formidling kunne integreres og gjensidig styrke hverandre.

En viktig utfordring for museene er å se sammenhenger mellom det fysiske og det digitale rommet. Samspillet mellom den autentiske her og nå-opplevelsen og de digitale mediene, gir museene nye muligheter overfor publikum. En autentisk opplevelse på museet kan forlenges ved å tenke før- og etter tilbud på nettet.⁵⁹

Sjølv om digitalisering i dei politiske dokumenta aldri eksplisitt nemnast i samanheng med lån, så er det ein naturleg slutning av desse to verktøya påverkar kvarandre. For å nå publikum som ikkje er i geografisk nærleik til kvarandre, er digitalisering og utlån to verktøy til å løyse utfordringa, men med svært ulikt resultat.

Ved fjellmuseet i Lom blir gjenstandane formidla på tre måtar: dei syner fram den autentiske gjenstand, dei formidlar den digitalt ved å vise opptak av bruken av gjenstanden demonstrert i notid, og dei syner fram ein replika som kan rørast ved. Det er likevel tydeleg at framsyning av den autentiske gjenstanden er svært viktig for formidlinga både med tanke på kulturhistorie og klima-utfordringar. Dalen ved Fjellmuseet uttrykker at ho opplev det som avgjerande for merksemda og besøka ved museet at ho kan svare ja, når publikum spør om gjenstandane er ekte.⁶⁰

Kulturhistorisk museum seier at dei har enorm pågang på etterspurnad etter digital data frå både enkeltpersonar og museum. Ved framveksten av 3d-printere etterspørjast digital skanningar av gjenstandar til produksjon av replika. Også innhald til nettsider er etterspurt.⁶¹

Eg spør om digitalisering kan blir brukt som argument for å avvise lånesøknad, eller som ”plaster på såret” ved avvising av søknad. Dette bekreftar Groseth at kan skje, sjølv om det ikkje er ofte. Han trekk fram eit eksempel kor eit museum i Søgne ønskte å låne hovudskallen frå Norges eldste kvinne Sol, då ho er funne i Søgne. Denne gjenstanden var planlagd utstilt i Oslo og kunne derfor berre lånast ut ei kort periode. KHM tilbaud då 3D-

⁵⁸ St.meld.49, side 156

⁵⁹ Båe sitat frå st.meld. 49, side 156

⁶⁰ Telefonintervju med Dalan, Vinstra/Lom, 19.oktober 2019

⁶¹ Intervju med Groseth, Oslo, 19.februar 2020

scan av hovudskallen, som museet i Søgne kunne bruke til å produsere ein replika, noko som vart gjort.⁶² Dette er eit eksempel på kvifor det er naudsynt, og riktig å sjå utlån som eit av fleire verktøy til tilgjengeleggjering, då alle verktøya går i lag til ein heilskapleg praksis og utfyller kvarandre.

Ein kan seie at *tilgjengeleggjering* som kjerneoppgåve for musea har blitt meir komplekst ved framveksten av teknologi som gjer det mogleg å digitalisere det som tidligare berre var analogt. Digitalisering kan være ein effektiv måte å nå samfunnet på med gjenstandane, til trass for at det er anerkjent at det ikkje kan erstatte dei autentiske gjenstandane.

Ope publikumsmagasin

Ope publikumsmagasin har vore diskutert i faglitteraturen innan museologi og forvaltning over lang tid, men det har ikkje blitt utbreitt praksis i Norge, med nokre unntak. Museoteket ved Museet i Stavanger var eit eksempel på korleis ein kan inkludere magasin eller arkiv som ein publikumsretta del av museal praksis. Ved teknisk museum i Oslo har dei også hatt magasin opne for publikum i ulike samanhengar. Det ligg også fleire framtidssretta planar innan museums-Norge for utvida bruk av publikumsmagasin, der det planlagde fellesmagasinet for Musea i Sogn og Fjordane, i Agnedalen er eit spanande prosjekt. Dette prosjektet, som har fått løyvingar over statsbudsjettet, skal huse eit publikumsmagasin med formidling.⁶³ Det er spanande å sjå korleis publikumsmagasin som verktøy for tilgjengeleggjering utviklar seg i norsk kontekst i framtida.

Publikumsmagasin er ikkje nemnd i dei sentrale museumspolitiske dokumenta i utvalet til denne oppgåva og heller ikkje institusjonsstrategiske dokument.

Ferskvareformidling

Omgrepet vart forklart i teoridelen av dette kapitlet, og som det kom fram der er dette ein form for tilgjengeleggjering som førekjem stadig oftare og er knytt til universitetsmusea sin arkeologiske feltpaksis. Dei ulike formane for ferskvareformidling, som er skissert i teorikapitlet, finn vi ikkje att i museumspolitiske dokument og heller ikkje i musea sine institusjonsstrategiske dokument.

⁶² Intervju med Groseth, Oslo, 19.februar 2020

⁶³ Avisartikkel frå 7.oktober 2019: <https://www.firdatidend.no/statsbudesjettet-har-fatt-40-millionar-kroner/> Sist lest 22.mai 2020

Derimot er Universitetsmusea sitt ansvar for å formidle er mykje omtala, også i samanheng med arkeologisk feltarbeid.

Til trass for at denne forma for formidling ikkje er omtala i strategidokumenta til musea, blir det i intervjuet tydleg at ferskvareformidling er ein satsing for to av tre institusjonar og noko som den tredje institusjonen har vurdert som ein moglegheit til å supplere tradisjonelle utstillingar.

På spørsmål om dei nyttar ferskvaredisk ved KHM bekreftar Groseth at dette er noko dei jobbar med.

Det er også noe vi har med oss og prøver å få til. Hadde det sist nå i Aust-Agder med den nye veien gjennom der, så var det en utstilling av gjenstander i Arendal... Vi har også noe på trappene med metallsøking som er jo det nye store. I Vestfold prøver vi å få i gang noe der, hvor de finneste funnene fra de som gjør det riktig blir stilt ut før det kommer hit. En stopp på veien noen uker. Det blir et *utlån* på vei hit.⁶⁴

Å tilgjengeleggjere gjenstandar før dei inngår i magasina ved museet blir her trekt fram som ei form for utlån. Dette er ein interessant refleksjon som koplar saman dei ulike verktøya til det å tilgjengeleggjere autentiske gjenstandar også til samfunna i distriktet.

Som nemnt i kapittel to har Norsk Fjellmuseum vore eit føregangsmuseum for ferskvareformidling gjennom å syne fram sine bre-funn. Dette vart og starten på satsinga på den nye utstillinga ved museet og er framleis noko som blir gjort kvar sesong når arkeologane er i arbeid på breane. Dei kombinerer framsyninga av funna med fagsamtaler knytt til dei og driv aktiv formidling rundt desse funna.⁶⁵

Kulturhistorisk museum utfører utgravingar og deira forvaltnings- og formidlingsansvar startar i felt. For Fjellmuseet er det annleis, ei formidlar gjenstandar får felt som andre har forvaltningsansvar for. Også ved Maihaugen etterspør eg om dei ser det som ei mogleg rolle for dei å vise fram ferske funn får utgravingar som blir gjort av KHM i Maihaugen sitt nedslagsfelt. Det verker ikkje som dette er noko dei har reflektert over, dei har heller aldri gjort det. Dei nemner nokre aktuelle utgravingar kor dei kunne vurdert det, men Mathisen er også rask til understreke at han ønsker å vise fram gjenstandar i eit lengre tidsperspektiv.

Då dette er ein form for tilgjengeleggjering som er i vekst og som ein ser er i fokus hos institusjonane, blir det interessant å sjå om dette får meir fokus i kommande museumsmelding.

⁶⁴ Intervju med Groseth, Oslo, 19.februar

⁶⁵ Intervju med Dalen, Lom, 4.mars 2020

Utlån/innlån

Det er etablert både museumspolitiske og museumsfagleg at det ikkje noko som kan erstatte opplevinga av autentiske gjenstandar. Når universitetsmusea sitt forvaltningsansvar for før-reformatorisk gjenstandar gjeld heile deira nedslagsfelt er det relevant å sjå på lån som er eit av verktøya som kan svare til forventninga om tilgjengeleggjering utanfor byane kor universitetsmusea ligg.

Av dei museumspolitiske dokumenta så er det st.meld. 49 Framtidas museum som omtalar utlån i høgst grad. Under overskrifta ”Fagleg aktivitet ved musea” får vi presentert fire deloverskrifter: 4.1. Forvaltning, 4.2. Forsking, 4.3. Formidling, 4.4. Fornying.

Desse fire omgrepene er strukturerande for fleire museumspolitiske og museumsfaglege dokument frå st.meld. 49 kom i 2008-2009 og er framleis i bruk. Under 4.1. Forvaltning er det eit eige delkapittel for utlån.⁶⁶

Det må legges til grunn at museumssamlingene betraktes som en felles ressurs og at museene må være åpne for å låne ut deler av samlingene til andre. I rapporteringen for 2008 oppgir 73 prosent av museene at de har lånt ut gjenstander til et annet museum, noe som gir inntrykk av en utstrakt lånevirksomhet.⁶⁷

Dette er det einaste museumspolitiske dokumentet som har eit eige delkapittel om verktøyet utlån, men det er nemnd i varierande grad også i andre dokument.

Det er ikkje utdjupa kva dei 73% inneber. Statistikken er felles for alle institusjonar i Norge som definerast som museum, inkludert kunstmuseum. Vi veit at låneverksemد er meir utbreitt mellom kunstmuseum, og det er derfor nærliggande å anta at ein stor del av utlåna som utgjer desse 73% er lån av kunst, mellom kunstmuseum. Vi veit derfor ikkje noko nærmere om kor utbreitt det er med lån mellom kulturhistoriske museum. Det er, på lik line med dei andre føringane, ikkje utpeikt eige ansvar for kulturhistoriske museum, eller universitetsmusa, sjølv om dette kunne vore nærliggande med tanke på deira forvaltningsansvar.

Det er her greitt å sjå nærmere på omgrepene rundt lån som verktøy. Lån er konsekvent omtala som utlån i dei museumspolitiske dokumenta, og i stor grad i dei institusjonsstrategiske dokumenta. Lån er ikkje brukt, og innlån er berre nemnd få gongar i samanheng med beskriving av ulike oppgåver i ulike organ av musea.

Dei musea som har eige samlingar kan tene som både innlåns og utlånsinstitusjon, men det er berre utlån det ligg føringar for i museumspolitiske dokument. Same tendens er

⁶⁶ St.meld.49, s 92

⁶⁷ St.meld.49, s 93

reflektert i at universitetsmusea i dei museumspolitiske dokumenta der det ikkje blir oppmoda til å ta initiativ til utlån: museet er mottakar av søknadar om lån og initiativ frå andre institusjonar. Ser vi attende i dette avsnittet til sitatet frå st.meld. 49 kor det er stadfesta at ein skal sjå ”gjenstandane som felles ressurs”⁶⁸ og ser i det i samanheng med utdrag frå st.meld. 22 som beskriv at universitetsmusea har ”ansvar for forvaltningen av automatisk fredete arkeologiske kulturminner innenfor sine geografiske ansvarsområder”⁶⁹ kan ein spørje seg kvifor berre omgrepet utlån nyttast i det normative føringane.

Utlån er heller ikkje forklart eller definert på noko måte i dei normative føringane. Ein kan forstå omgrepet betre ved å sjå på korleis Kulturhistorisk museum sjølv presenterer utlån som verktøy i sine retningslinjer for utlån. Det ein kan trekke ut av KHM sine generelle retningsliner på deira nettside, er at utlån av gjenstandar er noko som kan ta stad mellom to museum eller mellom eit museum og ein ”liknande institusjon”.⁷⁰ At det er snakk om eit lån og ikkje ei attendeføring eller flytting, er understreka ved at samtlege lån er for eit begrensa tidrom og at det berre lånast ut om museet sjølv ikkje treng gjenstanden til utstillings- eller forskingsaugemed.⁶⁶

Både Braut og Mathisen ved Maihaugen fortel at dei har opplevd at gjenstandar dei har søkt om å få låne allereie har vore i bruk ved Kulturhistorisk museum⁷¹ og derfor ikkje tilgjengelege for dei. Det same kan også Thea Dalen ved fjellmuseet i Lom bekrefte at ho har opplevd⁷². Groseth ved KHM seier det same i sitt intervju: han stadfestar at eit av kriterika for utlån er at KHM ikkje nyttar, eller planlegg å nyttja i nærmeste framtid, gjenstanden i eige utstillingar.⁷³ Det er altså Kulturhistorisk museum som har prioritert tilgang og rett til å formidle gjenstandane frå sitt magasin. Erfaringar får praksisfeltet gjer det slik tydeleg at utlån betyr nettopp det: KHM som institusjon med forvaltningsrett *lånar ut* noko dei eig, til eit anna museum.

Utlån og innlån er derfor nyansar av lån som verktøy, og kan på ein måte sjåast som to ulike aktivitetar. Utlån handlar om samlingsforvaltning og er sterkt knytt opp mot magasinering og konservering. Innlån er i stor grad eit formidlings tiltak, men stiller like fullt store krav til gjenstandshandsaming. Når berre utlån er brukt som omgrep er det derfor svært mangelfullt med tanke på den aktiviteten som faktisk går føre seg mellom norske museum og

⁶⁸ St.meld.49, s 92.

⁶⁹ St.meld.22, s.9.

⁷⁰ og ⁶⁶ KHM si nettside: <https://www.khm.uio.no/om/tjenester/utlan/retningslinjer/>. Sist lest 26.mai 2020

⁷¹ Intervju med Mathisen og Braut i intervju, Lillehammer, 20.februar

⁷² Intervju med Dalen, Lom, 4.mars 2020

⁷³ Intervju med Groseth, Oslo, 19.februar 2020

som vi skal sjå på i dei neste to delkapitla, kor lån som verktøy er i fokus i tråd med problemstillinga til denne oppgåva.

Ein av dei klåraste museumspolitiske føringane for viktigheita av utlån som verktøy finn vi ikkje i ei stortingsmelding i det heile, men i eit brev frå kulturdepartementet til KHM. Museet forsøkte i 2007 å innføre ein midlertidig stans av utlånstenesta. Det er referert til hendinga i fleire avisartiklar frå denne perioden, kor fleire museum opplevde å få avslag på lånesøknad til KHM. Groseth bekrefet situasjonen i intervju og fortel at det vart slutt på utlånsstoppen, både grunna engasjement frå samfunnet og føringane som kom frå departementet.⁷⁴

Kunnskapsdepartementet finner det derimot ikke rimelig at det innføres full utlånsstopp. I tillegg til å sikre og bevare gjenstander har universitetsmuseene et formidlingsansvar, og utlånsvirksomhet inngår i dette.⁷⁵

Ein finn og ein indikasjon på at utlån er ei prinsipielt viktig teneste å tilby i eit utdrag frå st.meld. 49:

Såfremt det ikke foreligger klare prinsippvedtak om delegering bør slike saker avgjøres av museets øverste myndighet. Avgjørelsene bør begrunnes, og det er viktig at museet sørger for at saksbehandling, begrunnelse og betingelser som knyttes til eventuelle avtaler, er forsvarlig dokumentert for ettertiden. Museene må rette seg etter nasjonal og internasjonal lovgivning og sørge for at forvaltningen av samlingene skjer i samsvar med gjeldende juridiske forpliktelser og institusjonens vedtekter.⁷⁶

At søknadar skal avgjera på høgste nivå ved museet indikerer at ein tek oppgåva på alvor. Det viser også at ein erkjenner at utlånspraksis er krevjande for å sikre god forvalting av gjenstandar i prosessen.

Det er tydeleg at påstanden om at tilgjengeleggjering er del av museet sitt samfunnsoppdrag og kjerneområde i museal praksis. Tilgjengeleggjering går att i samlede museumspolitiske dokument som er undersøkt i denne samanheng. Omgrepene er også tatt opp att i dei institusjonsstrategiske dokumenta. Gjennom intervjuet ser vi at også tilgjengeleggjering også er den av den museale praksisen, gjennom bruk av ulike verktøy. Ein ser at nokre verktøy har langt større spalteplass i dokumenta, særskilt digitalisering. Det er likevel understreka i dokumenta at tilgjengeleggjering av autentiske gjenstandar ikkje kan erstattast med andre formar for tilgjengeleggjering. Det er derfor tydeleg at det ligg føringar på at musea skal nytte *ein sett* med verktøy for å oppnå tilfredstillande grad av og form for tilgjengeleggjering. I

⁷⁴ Intervju med Groseth, Oslo, 19.februar 2020

⁷⁵ Brev frå det kongelige Kunnskapsdepartementet til KHM, datert 6.juli 2007

⁷⁶ St.meld. 49, s 93

intervjua er det lån som verktøy som er vektlagt, i tråd med problemstillinga til denne oppgåva. I kommande delkapittel er det lån som verktøy som står i fokus.

Universitetsmusea og den geografiske dimensjonen ved tilgjengeleggjering

2. Universitetsmusea i Norge har einerett og eineansvar til forvaltning av før-reformatoriske gjenstandar. Dei har derfor også ansvar for å tilgjengeleggjere gjenstandane for heile sitt geografiske nedslagsfelt.
 - a. Korleis er universitetsmusea sitt ansvar for nedslagsfeltet deira omtala i dei museumspolitiske dokumenta og museet sine eigne strategidokument?
 - b. I lys av dei normative føringane og praksisen ved musea, i kva grad kan vi sjå at utlån som verktøy kan bidra til å oppfylle musea sitt samfunnsoppdrag for heile sitt geografiske nedslagsfelt?

2a) Størsteparten av dei museumspolitiske føringane som blir gitt, er rette mot ein samla museumssektor, sjølv om universitetsmusea nokre gonger er nemnd eksplisitt. Det er få museumspolitiske dokument som omtalar universitetat eksplisitt.⁷⁷ Unntaket er st.meld. 15 Tingenes tale, som spesifikt omhandlar universitetsmusea. I stortingsmelding 15 (2007-2008) Tingenes tale er ansvaret til universitetsmusea beskrivi slik:

I forskriftene til kulturminneloven er det lagt et spesielt ansvar til universitetsmuseer med kulturhistoriske samlinger...⁷⁸ for forvaltningen av automatisk fredete kulturminner innenfor sine respektive geografiske områder.⁷⁹

Det står vidare i st.meld. 15 at:

De kulturhistoriske universitetsmuseene ...⁸⁰ forvalter arkeologiske gjenstander på statens vegne. Dette innbefatter konservering, magasinering, oppbevaring av dokumentasjonsmateriale, forskning og formidling.⁸¹

⁷⁷ Maurstad og Hauan i *Maurstad og Hauan*, 2012, s.22


⁷⁸ Delsetninga ”og til Arkeologisk museum i Stavanger” er fjerna frå sitatet. Då st.meld. 15 (2007-2008) vart skrivi, var Arkeologiske museum i Stavanger ikkje enno definert som universitetsmuseum, slik det no er.

⁷⁹ St.meld.15, s. 9

⁸⁰ Delsetninga ”og til Arkeologisk museum i Stavanger” er fjerna frå sitatet. Då st.meld 15 (2007-2008) vart skrivi, var Arkeologiske museum i Stavanger ikkje enno definert som universitetsmuseum, slik det no er.

⁸¹ St.meld.15, s.10

For det første har dei ei direkte kopling til dei kunnskapsinstitusjonane universiteta utgjer, med dei mogleheitene det gir for forsking og formidling. Universitetsmusea er sterkt knytt til staten gjennom forvaltningsansvaret på vegne av staten, og at dei er full-finansiert av offentlege middel gjennom universiteta. Dei fleste norske museum er private institusjonar med statlege tilskot. Universitetsmusea har ikkje berre *ansvar for*, men også *einerett til*, dei før-reformatoriske gjenstandane. Det er derfor mogleg å forvente at nettopp desse statlege musea har eit særskilt bevisst forhold til sitt oppdrag i samfunnet, også med tanke på tilgjengeleggjering til heile sitt geografiske nedslagsfelt som utgjer ein utfordring med tanke på tilgjengeleggjering.



Figur 2 Kart som viser universitetsmusea i deira geografiske nedslagsfelt, samt avstand og reiseveg mellom universitetsmusea og delar av deira nedslagsfelt

Utlån er nemnd ein gong i st.meld. 15, då i samanheng med ei oppramsing av oppgåver knytt til museet sin gjenstandsforvaltning.⁸²

I st.meld. 49 er det ein svært liknande ordlyd som beskriv universitetsmusea sitt ansvar for sitt geografiske område.

Universitetsmuseer med kulturhistoriske samlinger (alle unntatt Naturhistorisk museum) er etter Lov om kulturminner av 9. juni 1978 forpliktet til å samle inn og forvalte automatisk fredede løse kulturminner fra sine geografiske ansvarsområder.⁸³

Utover dette er ikkje geografi og nedslagsfelt nemnd. Det er med andre ord lite eksplisitt handsaming av geografi som faktor i omtala om tilgjengeleggjering i dei museumspolitiske føringane. Museumsreforma, som er omtala i kapittel to av denne oppgåva, ønska å styrke museumsnettverket, også for å sikre geografisk spreiing av ressursar og kunnskap. I den omfattande st.meld. 49 peiker dei attende til museumsreforma sitt utspring, st.meld. 22 og trekk liner til den nyaste føringane for museum i st.meld. 48 og understreker at musea skal ha sitt ”skal ha sitt primære nedslagsfelt i sine lokale og regionale miljø, samtidig som de skal inngå i et nasjonalt museumsnettverk.”⁸⁴ Med sin nære kopling til staten, er det nærliggande å forvente at universitetsmusea skal være ein tydeleg aktør i dette nettverket.

2 b) Ein av dei faktorane som skil utlån som verktøy for tilgjengeleggjering frå andre verktøy, er at det per definisjon inneber minst to institusjonar (det same kan ein og seie om vandreutstilling). Utlån er derfor eit verktøy som potensielt kan ta i bruk den geografiske distribusjonen av museumsinstitusjonar. Ein kan gjennom låneprosessar nyttiggjere seg strukturen som finnast Norge, kor det er konsoliderte einingar av regionsmuseum i kvart av universitetsmusea sine nedslagsfelt. Universitetsmusea kan sjå utlån til regionsmuseum som eit verktøy til å nå heile nedslagsfeltet sitt, medan regionsmusea kan sjå det som ei definert oppgåve å bidra til å formidle gjenstandar som elles er utilgjengelege for folk i deira region.

Som det kom fram av førre delkapittel er utlån handsama under forvaltningsavsnittet og ikkje under formidlingsavsnittet i st.meld. 49. Det kan slik sjå ut som om utlån ikkje sjåast som eit verktøy for musea til å oppnå sitt samfunnsoppdrag knytt til formidling til publikum, men meir som ei teneste som blir gjort mellom museum: ved å låne ut gjenstandar yter museet ein teneste opp mot eit anna museum. I dei nemnde føringane som kom frå

⁸² St.meld.15, s 21

⁸³ St.meld. 49, s. 134

⁸⁴ St.meld.49, s.11

departemenetet til museet, som er vist til i førre delkapittel, er det likevel tydeleg at musea bør sjå utlån som formidling og dette er og slik musea vurderer det.

Regionsmusea ser det som si oppgåva å bidra til å vise fram gjenstandar som elles ikkje hadde vore tilgjengeleg for deira region/nedslagsfelt. Dette seier Mathisen om Maihaugen si rolle i regionene:

Vår rolle er at vi er det mest besøkte museet i regionen, har fasiliteter som tilfredsstiller noen krav og for så vidt har økonomi til å gjøre slike type innlån. Ikke alle museer... eller grender hvor det blir gjort interessante funn, hvor det er mulig å tilfredsstille de tekniske kravene og ta i mot store publikumsmengder.⁸⁵

Til trass for at det ikkje nemnast verken museumspolitiske eller institusjonsstrategiske dokument, er det tydeleg at Maihaugen som regionsmuseum ser seg sjølv som ein viktig aktør i nedslagsfeltet til å tilgjengeleggjer også før-reformatoriske gjenstandar.

Det som er viktig for oss er jo å kunne vise viktige objekter for lokalmiljøet og regionen fordi vi er et egna visningssted. Å vise ting vi har visst om i hundre år, men som aldri har vært vist. Det er jo morsomt og å endelig kunne vise fram til som har ligget bortgjempt og som ikke har vært tilgjengelig for lokalmiljøet, men som er viktig lokal kulturarv.⁸⁶

Det same fokuset er ikkje nedfelt i dei institusjonsstrategiske dokumenta som ligg til grunn for Maihaugen sitt virke. Her er ikkje *innlån* nemnd som formidlingsstrategi. På spørsmål om kvifor dette fokuset i praksisen til museet ikkje er nedfelt i dei institusjonsstrategiske dokumenta seier Mathisen:

Våre planverk omhandler forvaltning og formidling av våre egne samlinger. Vi har derfor ikke noen uttalt strategi for å stille ut innlånt materiale på Maihaugen. Det kommer mer som en naturlig konsekvens av temporærutstillinger og vandreutstillinger.⁸⁷

Frå kartet under kan ein sjå korleis utlån frå KHM til dei to institusjonane som er del av denne undersøkinga kan utgjere eit geografisk nettverk for å gjere gjenstandar får KHM tilgjengeleg i museet sitt nedslagsfelt.

⁸⁵ Intervju med Mathisen, Lillehammer, 20.februar 2020

⁸⁶ Intervju med Mathisen, Lillehammer, 20.februar. Skal merkes at dette svaret kom i samanheng med spørsmål om ferskvaredisk, kor Mathisen synes det var interessant, men ønska å kunne syne fram gjenstandar i ei lengre tidsperiode.

⁸⁷ Oppfølgingsintervju per e-post med Mathisen, Vinstra/Lillehammer, 25.mai 2020



Figur 3 Kart som viser KHM, Maihaugen og Fjellmuseet i Lom. Kartet illustrerer den geografiske dimensjonen av museumsnettverket.

Ein kan sjå dette i samanheng med omgrepsbruken som er omhandla i 1b). I intervjuet kjem det fram at regionsmusea ser *innlån* som svar på eit samfunnsoppdrag og at universitetsmuseet ser *utlån* som eit svar på det same samfunnsoppdraget. Dei har både utbytte av å nytte netteverket for tilgjengeleggjering av gjenstandar. Det er då ei utfordring at det berre er fokus på utlån i dei normative føringane.

I st.meld. 49 er det satt av fleire avsnitt til å diskutere potensielle museumspublikumarar. Det er lagt vekt på å understreke ei forventing til at musea skal ”nå fleire”, være ”for alle”, nå eit ”breiare publikum”. Den geografiske dimensjonen er derimot ikkje nemnd i den samanheng, verken som ei utfordring eller ei løysing for å nå fleire. Utlån er ikkje sett som eit reiskap til å auke publikumstilfanget til musea.

Aktiv formidling er viktig både i et demokratiperspektiv og i et allment kulturperspektiv. Det innebærer at formidlingen må kunne være kritisk og nyskapende både når det gjelder tematikk og virkemidler. Dette krever også målrettet tilrettelegging og ulike strategier for å nå forskjellige målgrupper. I bred forstand er alle mennesker potensielle museumsbrukere, men ulike grupper har ulike behov.⁸⁸

I dette avsnittet kunne geografi vore ein faktor med tanke på å ”nå forskjellige målgrupper”. Men ser vi attende til 1a) ser vi at det oftare omhandlar andre faktorar som kjønn, sosialt lag og demografi innad i byane.

Ei gruppe som ofte er trekt fram som særskilt viktig for musea er barn og unge.

⁸⁸ St.meld.49, s.156

Universitetsmuseene har en særlig viktig oppgave i formidling overfor barn og unge. De har en særlig forpliktelse inn mot opplæringssektoren gjennom å bidra til å realisere målene i generell del av læreplanen og for å oppfylle målene i læreplanene på de ulike trinnene i Kunnskapsløftet.⁸⁹

Universitetsmusea jobbar eksplisitt om mot dette målet, blant anna ved å produsere mange formidlingstilbod som er knytt direkte opp mot læreplan på ulike trinn. Dette er presentert på KHM si nettside med linkar til dei ulike trinna i grunnskulen.

Heller ikkje her er geografi ein medrekna faktor, verken i dei normative føringane eller i praksisen ved museet. Reiseveg, reisestøtte eller anna indikasjon på at dette tilbodet også gjeld utanfor Oslo finnes ikkje på sida. Til trass for at dette er på sida av Groseth sitt ansvarsfelt ved museet spør eg om han har nokre tankar rundt dette: ”Dette er på siden av det jeg vet noe om.. skoletjenesten her er nok retta mot Oslo-skolene ja.”⁹⁰

Ein samarbeidspartner for universitetsmusea, med tanke på å nå ut til barn og unge er Den kulturelle skulesekken (DKS). Den kulturelle skulesekken er landsomfattande og skal være forankra i fylke og kommune. Kulturarv er definert som eitt av kulturuttrykka innan DKS, og det er eit aktivt samarbeid med musea, også universitets

Universitetsmuseene har i vekslende grad vært aktører innenfor Den kulturelle skolesekken. Samarbeidet mellom opplæringssektoren, universitetsmuseene og Den kulturelle skolesekken bør videreføres. ... I samarbeid med Den kulturelle skolesekken kan forskningsbasert formidling av natur- og kulturarv få en enda bredere plass i museenes virksomhet. Kunnskapsdepartementet vil arbeide for å stimulere dette samarbeidet. ⁹¹

Det visast til to eksempel på samarbeid per 2008, eit av dei er digitale. Det blir ikkje gjort noko direkte kopling mellom samarbeidet med DKS og det å nå samfunnet i det geografiske nedslagsfeltet til museet. Det er lagt meir vekt på å nå opplæringssektoren, utan at dette er definert vidare med tanke på geografisk område.

I st.meld. 15 er det lagt vekt på ei forventing om auka grad av samarbeid med nettopp dei øvrige kulturhistoriske musea i nedslagsfelten til universitetsmusea. Det er derimot ikkje gjort ei kopling til *tilgjengeleggjering* i denne samanheng, men vist meir til heilskapen i historieforteljinga.

Universitetsmuseene samarbeider i for liten grad med andre museer. Dette henger blant annet sammen med at kulturhistorisk materiale fra før reformasjonen først valtes av universitetsmuseene, mens nyere tids materiale i hovedsak forvaltes av landets øvrige kulturhistoriske museer...

⁸⁹ St.meld. 15, s. 11-12

⁹⁰ Intervju med Groseth, Oslo, 19.februar

⁹¹ St.meld.15, s29

Skillene vanskeliggjør formidling av de lange linjer i historien. Utvalget mener det bør etableres sterkere samarbeidsrelasjoner mellom universitetsmuseene og de enkelte regioners kulturhistoriske museer.⁹²

Her ønskes det altså auka samarbeid mellom dei kulturhistoriske musea, for å kunne formidle dei lange linene av historia gjennom eit samla gjenstandsmateriale. Om ein vart bevisst koplinga om tilgjengeleggjering og formidling til større del av samfunnet, kan eit slik samarbeid også tene denne dimensjonen.

Fråvære av refleksjon rundt geografi i kulturfeltet er synleg også i andre sektorar enn museumssektoren. Eit aktuelt tema dei seinare år er Den norske opera kor det er ei direkte kopling mellom oppgradering av bygningsmasse i Oslo og nedbygging av operatilbod til resten av landet. Før vedtak om nybygg i Bjørvika og omorganisering av øyremerka middel i den samanheng, var det ein lang tradisjon med turnerande operatilbod til distrikts-Norge. Dette har blitt bygd ned dei siste 10-15 åra.

Ved spørsmål om kva KHM ser som sitt nedslagsfelt tek Lars Groseth tek sjølv initiativ til å snakke om formidling i felt, som skissert i avsnittet over. Han trekk fram open dag og ferskvarediskar som ein konstruktiv måte å gi attende til nærmiljø kor dei jobbar på.

Det vi ser er stor lokal og regional interesse der vi er ute i felt. Privatpersoner, skoler, foreninger etc kommer på besøk. De får informasjon og vi arrangerer åpne dager på større prosjekt. Men mer kan gjøres, og det kan gjøres enda bedre. Det er kanskje særlig feltpersonellet som fronter dette overfor museet, og med god grunn. Det er gyllen anledning for formidling.⁹³

Som nemnd i kapittel to, er det ofte at samtalar mellom arkeologar i feltarbeid og folk som besøker feltet kan føre til at musea får innsikt i korleis samfunnet ser dei som forvaltningsinstitusjon. Det er ikkje unaturleg at dei som representerer museet ute i heile museets nedslagsfelt ser ut til å være dei som gjer den øvrige institusjonen bevisst på sitt ansvar for samfunnet også utanfor Oslo. Det er likevel slik at samfunnet, og det potensielle publikummet til museet, i områda utanfor Oslo ikkje er nemnd i samanheng med museet sitt samfunnssoppdrag kring tilgjengeleggjering.

Norsk museumsutvikling sto i sin tid bak utredningen Utlån og avhending av materiale fra museenes samlinger (Norsk museumsutvikling 5:2000). Utvalget som sto bak rapporten formulerte følgende hovedprinsipp: «Museer bør behandle alle forespørsler om utlån eller overføring av materiale fra samlingene seriøst og respektfullt. Ved slike henvendelser må museene foreta en avklaring av de juridiske, etiske og museumsfaglige spørsmål som kan ha betydning for saken. Museene bør legge spesiell vekt på å sette seg inn i de interesser og behov som ligger til grunn for at spørsmål om utlån/overføring er reist.

⁹² St.meld. 15, s. 27

⁹³ Intervju med Lars Groseth, 19.februar 2020

Dette er den eine plassen i dei museumspolitiske dokumenta at ein går inn på kva retningsliner som bør ligge for lånepraksis. Her leggast det vekt på at *hensikta* og *målet* med ein lånesøknad skal vurderast.

Grunnen til at dette er relevant her er at ein i stor grad kan knyte ein geografisk dimensjon til denne føringa. Museum som låner gjenstandar frå KHM begrunnar ofte lånet i at ein gjenstand kjem frå ein stad, og skal visast fram nærmare funnkontekst. Både innlånsinstitusjonane som er del av denne undersøkinga, har oppgitt stadleg tilhøyra som ein årsak til låna dei har gjennomført. Dette kan sjåast i samanheng med ulike aktørars kjensle av *eigarskap* til gjenstandane. Musea bringer gjenstandane nærmare samfunn som kjenner eigarskap til dei.

Ved Maihaugen har dei lånt gjenstandar som kjem frå Gudbrandsdalen og kan belyse den før-reformatoriske historia til kyrkjene dei allereie formidlar ved museet gjennom eigne samlingar. Ved Fjellmuseet i Lom er gjenstandane dei har lånt knytt til sjølve grunntanken til museet, nemleg å belyse bruk av fjellet gjennom eit langt tidsperspektiv. Samtlege gjenstandar dei har lånt er funne i fjella som ligg i kjernen av nedslagsfeltet til museet.

Ein kan seie at gjenstandane som er lånt frå KHM til Bergtatt har komme heim: gjenstandane er brukt og funne i fjellområda rundt Lom. Gjenstandane har vore kjent i lokalmiljøet sidan før dei vart funne og årsaka til dette er at brearkeologien har fått mykje merksemd nasjonalt og internasjonalt så vel som i lokalmiljøet. Gjenstandane er nært knytt opp til aktivitet og kultur som framleis står høgt i lokalmiljøet, for tilreisande så vel som lokalbefolkninga: fjelliv med jakt og rekreasjon. Heile utstillinga speler på dette, at det er ein kontinuerlig bruk av fjellet frå då til nå og dette reflekterast og i engasjementet for utstillinga i lokalmiljøet. Mange av gjenstandane som blir stilt ut, er gjenstandstypar som framleis er i bruk i dag. Ein del av engasjementet har derfor vore å dele erfaring ved bruk og tilverking av liknande gjenstandar som dei ein finn i utstillinga. Det ligg ei sterkt kjensle av eigarskap til gjenstandane i lokalbefolkninga og at institusjonen ved å anerkjenne dette kjenner det som eit ansvar og kanskje også ein rett, til å forvalte og formidle gjenstandane til lokalmiljøet.

På spørsmål til KHM blir det bekrefta at hensikt med lån blir sett på, men sjeldan vektlagt, så dei sikringsmessige og tekniske krava er viktigast. Men Groseth svarar

⁹⁴ St.meld. 49, s 93

bekreftande på at det å låne attende gjenstandar til konteksten dei er funne, sjåast som eit godt argument for lån.

Det er tydeleg at tilgjengeleggjering er del av samfunnsoppdraget til musea. Universitetsmusea har ansvar for sine respektive geografiske regionar og det er stadfesta i dei museumspolitiske dokumenta at dei har forvaltnings og formidlingsansvar for heile regionen som utgjer deira nedslagsfelt. Likevel er den geografiske dimensjonen lite omtala i dei museumspolitiske dokumenta. I den Kulturhistorisk museum sine institusjonsstrategiske dokument er geografi og avstand til store deler av deira region ikkje nemnd i samanheng med gjenstandsforvaltning og utlån. Hos innlånsinstitusjonen er regionen nemnd, men ikkje satt i eksplisitt samanheng med å utfylle ei rolle som forlenga arm for gjenstandsformidling av før-reformatoriske gjenstandar. I musea sin praksis derimot, er dette eit tydlegare satsingsområde, då samtlege institusjonar gir uttrykk for å sjå lån som eit verktøy til oppfylling av eit samfunnsoppdrag: KHM som verktøy for tilgjengeleggjering i distrikta, og Maihaugen og Fjellmuseet i Lom som eit verktøy til å formidle gjenstandar som samfunnet i deira region elles ikkje ville få oppleve. Då lån blir sett som viktig for musea i praksis, men er lite omtala i normative føringar er det nærliggande å sjå korleis lånetensta blir gjort kjent for dei norske musea.

Lånepraksis etter demokratiske prinsipp


3. Gjennomføring av ansvarleg lånepraksis mellom musea krev kunnskap om systemet, dialog mellom partane, samt økonomiske og faglege ressursar frå både innlåns- og utlånnssida.
 - a. Korleis gjennomførast ein låneprosess mellom norske museum?
 - b. Korleis blir lånesystemet gjort kjent for dei aktuelle instansane i museums-Norge?
 - c. Korleis fordelast dei økonomiske og faglege kostnadane i ein låneprosess, og i kva grad kan vi sjå at denne fordelinga er til hinder for lånepraksis mellom norske museum?

I førre delkapittel blir verktøya for tilgjengeleggjering omtala, og det blir sett på korleis lån er omtala i den normative føringane. I dette delkapitlet skal vi sjå nærmare på korleis låneprosessane faktisk skjer mellom musea.

Som nemnd i punkt 2a kan alle museum som har eige samlingar kan være både innlånsinstitusjon og utlånsinstitusjon. Då denne oppgåva undersøker lån frå eit universitetsmuseum til regionsmuseum vil dette også være fokus for utgreiinga om låneprosessen. Først vil eg vise gangen i ein låneprosess, så vil eg vise skjematiske korleis dei ulike musea presenterer utlån som teneste gjennom sine nettsider. Eg vil deretter gi ei oversikt over kostnads- og ansvarsfordeling mellom utlånar og innlånar i ein låneprosess, for å gi eit bilet av kva som krevjast frå dei involverte instansane.

Utlån – prosess

3 a) Figuren under viser gangen i ein låneprosess kor Kulturhistorisk museum er utlånar.



Figur 4 Illustrasjon som synleggjer gangen i ein låneprosess

Som ein kan sjå av figuren kjem initiativet til ein låneprosess frå lånetakar som sender søknad med vedlagt fasilitetsrapport. Denne gir mesteparten av informasjonen rundt den fysiske ramma gjenstandane skal inngå i: bygningstilstand, brannsikring, fare for flaum, klimaregulering, vakthal, skisse over utstillingslokalet, med meir. Ein kan også legge ved prosjektbeskriving for prosjektet som gjenstandane skal inngå i. Søknadane behandlast av utlånsutvalet fire gonger i året. Når søknaden er motteke ved KHM får søker ein kvittering per e-post der det og går fram når neste møte i utvalet er. I etterkant av dette møtet får ein svar på om søknaden er godkjent på eit prinsipielt plan eller ikkje. I tråd med kravet om at utlånnssaker skal behandlast på høgste nivå ved musea er leiinga ved KHM representert i utlånsutvalet ved

Groseth. Han sitt i utvalet med øvrige faggruppe ved museet. Søknadsprosessen er dokumentert på same måte som andre oppgåver ved museet og del av arkiv.⁹⁵ Blir søknaden godkjent startar prosessen med å gjennomgå gjenstandane. Kor lang tid denne delen av prosessen tek er avhengig av kor omfattande lånet er og kva det er søkt om å låne. Når denne gjennomgangen er utført, motteke lånar eit skjema med resultat frå gjennomgangen og beskjed om kva funn som kan lånast ut og kva funn som eventuelt ikkje kan lånast ut. Om lån blir avvist, heilt eller delvis blir det gitt ei forklaring for dette, samt ofte forslag om alternativ til den eller dei gjenstandane som ikkje kan lånast ut. Den dialogbaserte prosessen gjer at det sjeldan blir avslag på søknaden når innlånsinstitusjon er eit anna museum. Groseth kan bekrefte i intervju, at om søknaden kjem frå eit lokalt historielag eller liknande organisasjon, så anbefaler dei desse samarbeid med eit lokalt museum for å kunne imøtekommekrava.⁹⁶ Etter dette følger mykje dialog mellom lånar og utlånar med tanke på transport, når lokalet er klar til å ta imot gjenstandar, når museet har klargjort gjenstandane og har personell til å bidra mot transport. Det er ein omfattande prosess som kan ta lang tid. Det er derfor også opplyst på KHM sine nettsider at ein må søke minst eitt år før ein planlegg å presentere gjenstandane i utstilling. Ein slik dialogbasert prosess er også positivt då den kan bidra til at ein innlånsinstitusjon får heva kompetansen sin på gjenstandsforvaltning, ved at dei får rettleiing og kunnskap om korleis dei ulike gjenstandane best blir ivaretatt. Det er likevel økonomisk krevjande med ein dialogbasert prosess, samanlikna med ein meir standardisert prosess, då det er fleire menneskelege ressursar involvert.

At det er eit slik einsidig prosess, kor pila i stor grad peikar ein veg, kan seiast å være i tråd med dei politiske føringane som blir lagt. Som det kjem fram av spørsmål 1c., så er det berre omgrepene *utlån* som er brukt i dei museumsstrategiske dokumenta i samanheng med lån.

Inngangsportalen – nettsidene

3 b) Som det kjem fram av svare frå dei to føregåande delkapitla er det få konkrete føringar for lånepraksis i den museumspolitiske dokumenta, noko som og fører til lite konkret handsaming i dei museumsstrategiske dokumenta. Det er derfor i stor grad musea sjølve som må definere kva lån er og korleis dess skal utførast. NMU og Kulturrådet har gitt ut vugleiningar for handtering av gjenstandar i låneprosessar. Den siste, ”Museer i mellom. Lån, handtering og transport av gjenstandar” er frå 2000. Dette kan gi viktig innspel til utføring av

⁹⁵ Intervju med Groseth, Oslo, 19.februar 2020

⁹⁶ Intervju med Groseth, Oslo, 19.februar 2020

lån. Men korleis blir lån gjort kjent i museumsnettverka? Fordi fokus i denne oppgåva er på universitetsmusea som utlånsinstitusjon har eg sett på korleis dei fem universitetsmusea gjer tenesta kjent på sine nettsider.⁹⁷

⁹⁷ Samtlege nettsider lest i april og mai 2020.

Tabell 1 Tabell som viser korleis universitetsmusea synleggjer utlån som teneste på sine nettsider

Museum	Informasjon om utlån på nettside	Kommentar
Kulturhistorisk museum Universitetet i Oslo	Utlån er presentert under linken ”Om” <ul style="list-style-type: none"> • Tenester og tilbod <ul style="list-style-type: none"> ○ Utlån 	Nettsidene til KHM forklarar i korte trekk kva utlån er, kven som kan låne og korleis ein gjer det. Det er ein link til elektronisk søknadsskjema på nettsida. Det er også kontaktinformasjon til utlånskoordinator. Lik oppbygging og ordlyd som ved NTNU.
Arkeologisk museum Universitetet i Stavanger	Presenterer ikkje prosedyre for søknad om lån på sine heimesider.	Ingen eige side for utlån som teneste ved museet. Utlån er nemnd éin gong under beskriving av avdelinga ”Avdeling for samlinger” kor det står at avdelinga ”har ansvar for å følge opp <i>utlånnssaker</i> ”.
Universitetsmuseet i Bergen Universitetet i Bergen	Presenterer ikkje prosedyre for søknad om lån på sine heimesider.	Ingen eige side for utlån som teneste ved museet. Utlån er nemnd éin gong, under beskriving av ”Samlingsseksjonen” kor seksjonen sitt ansvar er beskrive som ”å tilrettelegge samlingene for forskning, formidling, innlån og <i>utlån</i> ”. Eg har vore i kontakt med avdelingsleiar Asbjørn Engemark ved museet som forklarer at dei har utlånsstopp f.o.m. 2019 t.o.m.2020. Det har vore nokre unntak kor lån har vore gjennomført, men tenesta er satt på vent.
NTNU Vitenskapsmuseet NTNU Trondheim	Utlån er presentert under linken ”Samlinger” <ul style="list-style-type: none"> • Tenester og tilbod <ul style="list-style-type: none"> ○ Utlån 	Nettsidene til Vitenskapsmuseet forklarar i korte trekk kva utlån er, kven som kan låne og korleis ein gjer det. Det er ein link til elektronisk søknadsskjema på nettsida. Det er også kontaktinformasjon til utlånskoordinator. Lik oppbygging og ordlyd som ved KHM.
Tromsø museums – Universitetsmuseet Universitetet i Tromsø	Presenterer ikkje prosedyre for søknad om lån på sine heimesider. ⁹⁸	Lån er ikkje nemnd på sidene til den kulturhistoriske samlinga. Eg har vore i dialog med museet ved samlingsansvarleg ved museet. Ho bekreftar at det ikkje er opplyst om utlånstensta på deira sider, men at dei er av den oppfatning at tenesta er godt kjent og at dei har stor utlånsverksemeld med museum i sin region. Dei er i ferd med å lage ny heimeside det blir gitt uttrykk for at det kjem tydligare informasjon om utlånstenestene på den nye sida.

⁹⁸ Dette gjeld den kulturhistoriske samlinga. På sidene til den naturhistoriske samlinga er prosedyre for lån godt beskrive.

Kostnadsfordeling ved gjenstandslån frå KHM

3c) Som beskrive over, utgjer nettsidene til Kulturhistorisk museum eit informativ og forståeleg startpunkt for låneprosessen. Retningslinene ligg på nettsida, samt link til søknadsskjema med tilhøyrande vedlegg. Søknadsskjema er eit elektronisk skjema som fyllast ut på nettsida medan vedlegget er ein PDF som må fyllast ut. Dette er ein fasilitetsrapporten som er beskrive i avsnittet over, i samanheng med figur 2. Som det kjem fram av 2a) kor gjennomføring av låneprosessen er beskrive, krev det store menneskelege og økonomiske ressursar å utføre lån som varetek forvaltningsansvaret for dei før-reformatoriske gjenstandane. Når universitetsmuseum har forvaltningsrett for alle før-reformatoriske gjenstandar i ein region, på vegne av staten, er det nærliggande å sjå om dei museumspolitiske dokumenta legg føringar på korleis låneprosessar skal finansierast. Det er ikkje nemnd, med berre eit unntak, kor økonomi er nemnd som hinder til auka lånepraksis.

Den største hindringen for økt lånevirksemhet mellom museene er kostnadene for nødvendig konservering og håndtering av gjenstandene, krav til sikring og behov for ekstra forsikringsavtaler.⁹⁹

Det er her verd å gjenta at st.meld.49 omtalar ein samla museumssektor og at dette hinderet og inneber kunstlån. Respondentane ved musea i denne undersøkinga kan likevel bekrefte at det også gjeld dei kulturhistoriske musea.

På spørsmål til Dalen ved Fjellmuseet i Lom om dei vurderte å ikkje gjere innlån grunna økonomi vart dette avvist. Dalen begrunna dette både i den avgjerande betydinga gjenstandane speler i utstillinga og den vesle prosenten innlånet utgjer i det totale budsjettet. Eg følgde opp spørsmålet om ho hadde inntrykk av, gjennom sitt netteverk blant musea, at andre museum har ønske om å låne gjenstandar, men at økonomi er til hinder. Dette uttrykte ho tydeleg at ho meiner er tilfelle: det er fleire som ser økonomi som eit hinder til å gjennomføre lån.¹⁰⁰ Dette underbyggast av funn frå intervju med utlånsinstitusjonen KHM. Groseth opplyser om at dei frå januar 2020 har fjerna den faste satsen for sakbehandling og konservering per gjenstand, som opplyst i tabellen over.

Fra og med 1.januar i år tar vi ikke betalt for utlån lengre. Det eneste vi tar betalt for er transport og kurers arbeidstid. Men saksbehandlertiden og konserverer sin tid tar vi ikke betalt for lengre.¹⁰¹

Eg spør kvifor dei har gjort denne endringa:

⁹⁹ St.meld. 49, s 92

¹⁰⁰ Telefonintervju med Dalen, Vinstra/Lom, 17.oktober 2019

¹⁰¹ Intervju med Lars Groseth, Oslo, 19.januar 2020

Det er fordi vi i prinsippet mener det er et samfunnsoppdrag og at det ikke skal koste noe for lånetaker og det at vi har tatt betalt itdligere i stor grad har vært for å dekke kostnader som vi ikke klarte å dekke selv.¹⁰²

Og om det no kjem penger frå andre stader eller om det er ein omprioritering:

Nei, det er mer en omprioritering og at vi har en bedre økonomisk situasjon. ... Det ble også litt tydelig for oss de siste årene, at det var noen mindre museer som hadde problemer med å betale kostnader og at det stranda på det. Det er ikke bra for vårt omdømme at det koster så mye å få gjenstandar tilbake dit de kommer fra. Det er helt rimelig at det vekker reaksjoner. Det er en fin ting at vi kan gå bort i fra det (red.: å ta betalt).¹⁰³

At økonomi er eit hinder til tilgjengeleggjering av gjenstandar utfordrar demokratisering som ein av grunnverdiane i musea sitt samfunnsoppdrag. Det er også eit teikn på at det, til trass for at konsolideringa av musea gjennom museumsreforma hadde som mål å styrke økonomien til regionsmusea, er økonomiske utfordringar knytt til lån som verktøya for musea.

Berre ein stad nemnast likevel eit konkret finansieringstiltak:

For innlån av gjenstander fra utlandet spiller den statlige forsikringsordningen en viktig rolle, og den gir anledning til visning i Norge av et kunst- og kulturhistorisk materiale som museene ellers ikke ville hatt muligheter for å låne inn. Fra museer er det også ytret ønske om å få utvidet denne ordningen til å gjelde lån innenfor landets grenser, og Kultur- og kirkedepartementet har nå bedt ABM-utvikling vurdere dette spørsmålet nærmere.¹⁰⁴

Så vidt meg kjent, er ikkje dette gjort og lånar er framleis forplikta til å betale forsikring som leggast fram før långet gjennomførast. Dette kan utgjere ein betydeleg kostnad, avhengig av kor omfattande eit lån er og kva gjenstandar som lånast. Under følger ei oversikt over kostnadsfordelinga i ein låneprosess mellom norske museum:

¹⁰² Intervju med Lars Groseth, Oslo, 19.januar

¹⁰³ Intervju med Lars Groseth, Oslo, 19.januar

¹⁰⁴ St.meld. 49, s. 92

Tabell 2 Tabell som viser kostnadsfordeling mellom utlåns- og innlånsinstitusjon i ein låneprosess mellom museum

Aktivitet/oppgåve	Utførast av	Kostas av
Gjennomgang og tilstandsvurdering av gjenstandar det søkast om	Kulturhistorisk museum Konservator, samlingsansvarleg	Utlånsinstitusjon ¹⁰⁵
Oppfølging av gjenstandsliste: herunder utval av alternative gjenstandar når gjenstand ikkje kan lånast ut	Kulturhistorisk museum i dialog med innlånsinstitusjon	Utlånsinstitusjon Innlånsinstitusjon (arbeidstid til respektive ansvarlege)
Transport med arbeidstimer for kurer og reiseutgifter	Kulturhistorisk museum utnemner kurer og sett krav til type transport	Innlånsinstitusjon
Skriving av tekst til katalog	I utgangspunktet innlånsinstitusjon sitt ansvar, men kan be KHM om å bidra	Individuelt
Forsikring av gjenstandar		Innlånsinstitusjon
Teknisk tilrettelegging: montere med klimaregulering og lyssetting	KHM sett krav, basert på konservering og trygging av gjenstandar, som må innfriast av innlånsinstitusjon for å gjennomføre lån	Innlånsinstitusjon

I kapittel to såg vi på Hylland sin artikkkel kor han hald fram at musea sin lasteevne var i ferd med å nå grensa si. Dette heng tett i hop med dei økonomiske vilkåra musea arbeider innanfor.

Groseth uttaler at museet gjerne skulle sett at dei hadde ressursar til ei eiga, 100% stilling som utlånsansvarleg ved museet, men at dette ikkje er realiteten per i dag. Sett i lys av den klare føringa på museet til å gjennomføre utlån som vart gitt blant anna gjennom nemnde brev, er det relevant å spørje seg om det bør løftast politisk at musea ser utlån som ein ressurskrevjande oppgåve, som dei ønsker større økonomisk rom for å gjere.

Det blir lagt føringar for lån mellom musea, utan at dei museumspolitiske dokumenta kjem med innspel på korleis desse prosessane skal kostas. Kulturhistorisk museum uttrykker

¹⁰⁵ Nytt av januar 2020. Tidligare har det vore ein fast sats per gjenstand for saksbehandling og gjennomgang av konservator som har vore betalt av innlånsinstitusjon

at dei er bevisst utfordringane og ser det som sitt ansvar å bruke ressursar for å legge til rette for utlån. Maihaugen og Fjellmuseet i Lom prioriterer store summer og betydeleg personell for å koste og administrere innlån. Slik det er no krevjast det store økonomiske og faglege ressursar frå både utlåns-, men særskilt frå innlånsinstitusjon for å kunne gjennomføre eit lån. Dette er konkretiseringa av utfordringa musea står ovanfor med tanke på lånepraksis. Til trass for at dei definerer lånepraksis som eit sentralt verkty til oppfylling av deira samfunnsoppdrag og forventing om tilgjengeleggjering, vil det ikkje være mogleg å auke praksisen utan finansiering. Utan større politisk fokus på den funksjonen lån som verktøy kan ha, er det og vanskeleg å finansiere praksisen. Dette kan i ytste konsekvens ekskludere mange regionsmuseum i norsk museumsnettverk og slik forhindre tilgjengeleggjering av ein viktig del av kulturarven til store deler av samfunnet.

Oppsummering av kapitlet

Analysen over har belyst dei tre påstandande som vart presentert i samanheng med problemstillinga for denne oppgåva. Det teiknar seg eit bilete av at det ikkje er samsvar mellom dei normative føringane for utlån og praksisen for utlån, eller rettare sagt at det i prosessen mellom føringar og praksis ligg eit stort fortolkingsansvar på musea og at denne fortolkinga ser ut til å være regulert like mykje av museumsfaglege strømingar som dei museumspolitiske. Kapitelet avsluttast med ein utgreiing om dei økonomiske aspekta ved lånepraksisen. I kommande og siste kapittel vil eg forsøke å oppsummere analysen og svare på problemstillinga ved hjelp av kunnskapen som har komme fram i analysen.

5. Oppsummering og konklusjon

I lys av analysen i førre kapittel og forskingsteorien i kapittel to, vil eg i dette avsluttande kapittelet svare på problemstillinga til oppgåva.

Kva føringar ligg det i sentrale museumspolitiske dokument, for lånepraksis mellom norske museum, korleis tolkar musea føringane og korleis påverkar dette låneprosessar i praksis?

Tilgjengeleggjering av gjenstandssamlingar som kjerneoppgåve for musea, også for universitetsmusea er tydeleg i dei normative føringane. Utstilling i museet og digitalisering er dei to verktøya som får størst spalteplass i dokumenta, medan verktøya vandreutstilling, ferskvareformidling (formidling i felt), publikumsmagasin og lån er nemnd i langt mindre grad.

Lån som omgrep er ikkje nemnd, det same gjeld innlån. Det er omgrepet *utlån* som nyttast og dette reflekterer eit tankesett kring lån som verktøy. Ved å nytte omgrepet utlån indikerer ein at dette verktøyet handlar om å låne noko som er eigd av andre. I dette tankesettet ligg det ei oppfatning om at utlån er ei teneste som eit museum tilbyr eit anna museum, for å sikre at samlingane deira er tilgjengelege.

Dette støttast i st.meld. 49, meldinga kor utlån har størst spalteplass med eit eige delkapittel. Plasseringa av kapitlet kan gi innsikt i måten å sjå utlån på, som er skissert i avsnittet over. Delkapitelet om utlån er i meldinga lagt under overskrifta *forvalting* og ikkje *formidling*.

Museumsreforma frå byrjinga av 2000-talet har i stor grad forma det norske museumslandskapet som vi har i dag. I tråd med hensikta ved reforma, å styrke dei regionale musea økonomisk og fagleg, er det ein nærliggande tanke å ta i bruk eit samla museumsnettverk som ein formidlingsarena for å tilgjengeleggjere gjenstandar for universitetsmusea sine store geografiske nedslagsfelt. Utlån er eitt av dei mest sentrale verktøya for å gjennomføre dette. Denne koplinga kan ein ikkje finne i dei museumspolitiske dokumenta.

Nokre føringar, særskilt i st.meld. 15, som omhandlar berre universitetsmusea, og den omfattande st.meld. 49, viser at utlån likevel er eit viktig verktøy. Dette kjem og fram av anna korrespondanse mellom politiske myndigheter og museumssektoren, som brevet til KHM frå kulturdepartementet er eit eksempel på.

Til trass for dei få tydelege føringane som er trekt fram i kapittel fire, teiknar det seg eit bilet utifrå dei museumspolitiske dokumenta som viser at lån av gjenstandar mellom norske museum frå politisk hald ikkje er eit prioritert verktøy for tilgjengeleggjering.

Musea får føringar frå politisk hald og fortolkar desse i lys av museumsfaglege føringar frå den breidde variasjonen av fagfelt som berører praksisen ved musea: etnologi, arkeologi, kunstfag, konservering, kulturarvsstudiar, studiar i kulturminneforvaltning, kulturarvpedagogikk og museumsstudiar. Musea formulerer sine institusjonsstrategiske dokument basert på desse tolkingane, og ein finn at fokuset og fråværet av fokus på dei ulike verktøya også i desse dokumenta. Også her er det utstilling og digitalisering som verktøy for tilgjengeleggjering som har størst plass, medan utlån og vandreutstilling nærast ikkje er nemnd.

Fellesnemnaren for dei museumspolitiske og institusjonsstrategiske dokumenta er at fokus på tilgjengeleggjering, som ledd i demokratisering av kulturarven, i størst grad omtalar *kva og kvifor* ein skal stille ut, med tanke på å reflektere heile befolkninga, *korleis* ein skal stille ut, med tanke på å appellere til eit breitt lag av befolkninga, medan spørsmålet om *kor* ein skal stille ut, ikkje er adressert. Den geografiske faktoren er nærast fråverande i museumspolitiske dokument, institusjonsstrategiske dokument. Dette er på mange måtar samanfallande med faglitteraturen kor tilgjengeleggjering er haldt som viktig basert på rolla gjenstandane spelar for samfunnet på individ- og gruppenivå. Likevel ser ein i dei nemnde fagfelta at utlån som verktøy for tilgjengeleggjering ikkje er omtala eksplisitt. I den grad geografi og flytting av gjenstandar er omhandla, er det i samanheng med eigarskap og forvaltningsrett og ofte knytt til repatriering.

Samla sett gjer dette at utlån som verktøy for tilgjengeleggjering heller ikkje er synleg i dei institusjonsstrategiske dokumenta knytt til musea.

Det er særskilt i samanheng med universitetsmusea at dette fråværet av refleksjon rundt geografi er viktig å påpeike. Det er stadfesta at universitetsmusea har ansvar for å forvalte gjenstandane sine *på vegne* av staten og eit forvaltnings- og formidlingsansvar for samfunnet i sine geografiske områder.

Hadde ein identifisert og vidare adressert utfordringa ved dei store geografiske områda og avstanden til store deler av befolkninga, kunne ein peikt på det norske museumsnettverket som ei løysing på utfordringa. Ved å nytte museumsstrukturen og kulturhistoriske museum utanfor med andre ansvarsområde enn universitetsmuseet kan ein tilgjengeleggjere autentiske

gjenstandar nærmare funnkonteksten dei kjem frå og slik gi attende oppleving og kunnskap til dei delane av landet kor gjenstandane også utgjer viktig lokal kulturarv.

Inntrykket av betydinga av lån som verktøy for tilgjengeleggjering som kjem frå dei politiske føringane, står i kontrast til plassen lån har i praksisfeltet. Samtlege museum i utvalet til denne oppgåva omtalar lån som eit sentralt verktøy for å oppfylle samfunnsoppdraget deira. Gapet det ser ut til å være mellom dei normative føringane og praksisen kring lån, kan tolkast som resultat av manglande dialog mellom museumsfaglege og museumspolitiske organ.

Respondentane ved regionsmusea Maihaugen og Fjellmuseet i Lom uttrykker at dei kjenner eit ansvar for å formidle gjenstandar som ligg under KHM sitt forvaltningsansvar til samfunnet i deira region. Respondenten ved KHM uttrykker at dei ser utlån som ein viktig oppgåve for å oppfylle sitt samfunnsoppdrag. Ved KHM ser ein satsinga på lån gjennom at dei har tydelege rutinar kring lånepraksis og at fleire tilsette har definerte oppgåver knytt til utlån. Ved regionsmusea ser ein at lån er viktig for musea gjennom at dei nytter store ressursar, både økonomisk og menneskeleg, for å gjennomføre innlån.

Resultata frå denne oppgåva teiknar eit bilet av ein museumssektor som ligg *framom* eller i alle fall, på sida av dei politiske føringane som blir gitt, når det kjem til fokus på utlån som verktøy for tilgjengeleggjering. Det ser ut til at ansvaret musea tek på seg, med tanke på låneprosessar, i like stor grad er påverka av faglege diskusjonar rundt musea sitt samfunnsoppdrag, som dei politiske føringane. Ikkje minst ser det ut til at musea rettar merksemrd mot utlån som ein respons på ønske frå samfunnet, formidla gjennom arkeologane ved musea som møter samfunnet i distrikta. Dette er ei av oppgåvene til praksisfeltet: å sjå kva som fungerer, kva som ikkje fungerer, kva dei treng og kva dei kan tilby. Det er viktig og riktig på mange måtar at praksisfeltet identifiserer og uttrykker eit behov, og det er då avgjerdstakarane si oppgåve å ta tak i signala som kjem.

Både regionsmuseum og universitetsmuseum ser ut til å være medvitne moglegheita for å nytte museumsnettverket til tilgjengeleggjering av gjenstandar til fleire i samfunnet. Dette er synleg gjennom praksis og i intervjuet med respondentar ved musea. Det er likevel eit synleg gap mellom musea sin praksis og musea sine institusjonsstrategiske dokument, der dette ikkje er nedfelt.

I formainga av museumspolitikken er det rom for museumsfaglege innspel gjennom høyrings- og innspelrundar. Det er då ein klår fordel om fokusområder i praksisen ved musea også er nedfelt i dei institusjonsstrategiske dokument.

Museumspolitiske føringar og musea sin fortolkingar av dei påverkar lånepraksis ved musea. Det er stadfesta i museumspolitiske dokument og av musea sjølve at økonomi er til hinder for å auke lånepraksisen. Låneprosessar krev store økonomiske og menneskelege ressursar for å sikre forsvarleg forvaltning av gjenstandane. Digitalisering som verktøy har fått stort museumspolitisk fokus, og med dette kjem og løyvingar til praksisen kring digitalisering i museumssektoren. Utan tydelegare føringar for tilgjengeleggjering av autentiske gjenstandar til *heile* samfunnet, vil det ikkje være mogleg for musea å auke lånepraksisen. *Lasteevna* til musea, omgrepet som er diskutert i denne oppgåva, ser ut til å være nådd når det kjem til å tilgjengeleggjere autentiske gjenstandar for samfunnet.

Dette utgjer ei utfordring med tanke på å skape og oppretthalde eit demokratisk kulturminnevern. Når økonomi er til hinder for at heile samfunnet skal ha like moglegheiter til å oppleve den felles kulturarven, utgjer dette eit brot med demokratiske prinsipp.

Ansvaret til rette fokus på dette ligg i fleire ledd. Praksisfeltet må kommunisere eit tydeleg behov opp mot avgjerdstakarane. Eit særskilt ansvar for dette må ligge på universitetsmusea som sitt på forvaltningsansvaret til gjenstandane, på vegne av staten, og som har direkte kommunikasjon med samfunnet også utanfor museet, gjennom utgravingsverksemda si. Det ligg og eit ansvar på regionsmusea til å peike på deira rolle i å bidra til tilgjengeleggeringa, då dei utgjer eit geografisk nettverk i universitetsmusea sine nedslagsfelt. Regionsmusea må spørje, på vegne av samfunnet: ”Kan eg få låne?” Fram mot nytt stortingsval og ny museumsmelding er dette eit perspektiv som bør løftast fram: tilgjengeleggjering av *kultur, også kulturarv*, til heile samfunnet.

Litteratur- og kjeldeliste

Black, Graham 2012: *Transforming museums in the twenty-first century*. London, Routledge.

Crooke, Elizabeth 2011: "Museums and Community". I Sharon Macdonald *A Companion to Museums Studies*. Storbritannia, Wiley-Blackwell. 170-185.

Eriksen, Anne 2009: *Museum : en kulturhistorie*. Oslo, Pax.

Formidlingsplan for Lillehammer museum 2017 – 2020. Stiftelsen Lillehammer museum.

<https://lillehamermuseum.no/Media/Filer2/Formidlingsplan-2017-2020>. Sist lasta ned 22.mai 2020

Forskningsstrategisk og utstillingstrategisk plan 2020. Kulturhistorisk Museum, Oslo.

<https://www.khm.uio.no/om/organisasjon/strategi-og-arsplaner/dokumenter/forsknings-og-utstillingsstrategisk-plan.pdf>. Sist lasta ned 22.mai 2020

Fossestøl, Knut, Eric Breit og Hanne Heen 2013: Omorganisering av museene – En evaluering av organisasjonsformer i kjølvannet av museumsreformen. Kulturrådet. 42 sider.

Framtidas museum – Forvaltning, forskning, formidling, fornying. St.meld. nr. 49 (2008–2009). Kultur- og kirkedepartementet. 170 sider.

Handlingsprogram 2018-2022 – Norsk fjellsenter i Lom. Norsk fjellsenter i Lom. Tilsendt per e-post frå Thea Dalen 18.februar 2020.

Harrison, Rodney 2013: *Heritage : critical approaches*. London, Routledge.

Hauan, Marit Anne 2006: "Kunnskapssamtaler - samtale til kunnskap." *By og bygd* 39, s. 8-19

Hylland, Ole Marius 2017: "Museenes samfunnsrolle – et kritisk perspektiv." *Norsk museumstidsskrift* 3(2). s 77-91.

Hølleland, Herdis og Joar Skrede, 2019: "Regionreformen: Demokratisering og politisering av kulturminneforvaltningen." *Heimen* 02/2019, bind 56, s. 127-142.

Kjelder til kunnskap og oppleveling – Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet. St.meld. 22 (1999-2000). Kulturdepartementet. 199 sider.

Kulturpolitikk fram mot 2014. St.meld.48 (2002-2003). Kultur- og kyrkjedepartementet. 238 sider.

Kulturens kraft– Kulturpolitikk for framtida. Meld.st.8 (2018-2019). Kulturdepartementet. Grete Lillehammer, 2012:"«Ta den ring og la den vandre...»". I Maurstad og Hauan *Museologi på norsk: universitetsmuseenes gjøren*. Trondheim, Akademika forlag. s. 169-192.

Langtidsplan 2020-2025 Stiftelsen Lillehammer museum. Stiftelsen Lillehammer museum.
<https://lillehamermuseum.no/om-stiftelsen-lillehammer-museum/visjon-verdier-og-planer>.
Sist lasta ned 22.mai 2020

Maurstad, Anita og Marit Anne Hauan, 2012: "Universitetsmuseenes gjøren". I Maurstad og Hauan. *Museologi på norsk : universitetsmuseenes gjøren*. Trondheim, Akademika forlag. 13-31

Museum – mangfold, minne, møtestad. NOU 1996:7. Norges offentlige utredninger. 291 sider.

Museer i mellom - lån, håndtering og transport av gjenstander. NMU 8:2000. Norsk museumsutvikling. 62 sider. <https://www.kulturradet.no/vis-publikasjon/-/publikasjon-museer-i-mellom-lan-handtering-og-transport-av-gjenstander>. Sist lasta ned 26.mai s

Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv. St.meld. nr. 24 (2008–2009). Kultur- og kirkedepartementet. 111 sider.

Olsen, Bjørnar 1997: *Fra ting til tekst: teoretiske perspektiv i arkeologisk forskning*. Oslo, Universitetsforlaget

Samlingsforvaltningsplan 2017-2020. Stiftelsen Lillehammer museum.
<https://lillehamermuseum.no/Media/Filer2/Samlingsforvaltningsplan-2017-2020>. Sist lasta ned 22.mai 2020

Samlingsforvaltningsplan 2020-2025. Stiftelsen Lillehammer museum. Tilsendt per e-post frå Mathisen ved Maihaugen, 25.mai 2020.

Skeates, Robert 2000: *Debating the archaeological heritage*. London, Duckworth.

Smith, Laurajane 2006: *Uses of heritage*. London, Routledge.

Stien, Hanne Hammer og Kristine Orestad Sørgaard 2012: "Kultiverte gjenstander og nærværende ting: Museumsmaterialisering, museumsformidling og utstoppede dyr". I Maurstad og Hauan. *Museologi på norsk: universitetsmuseenes gjøren*. Trondheim, Akademika forlag. s. 193-207.

Thagaard, Tove 2013: *Systematikk og innlevelse : en innføring i kvalitativ metode*. Bergen, Fagbokforlaget

Tingenes tale – Universitetsmuseene. St.meld. 15 (2007-2008). Kunnskapsdepartementet. 48 sider.

Østby, Jon Birger 2000. *Utlån og avhending av materiale fra museenes samlinger*. NMU 5:2000. Norsk museumsutvikling.

Årsplan 2019-2020. Kulturhistorisk museum, Oslo.

<https://www.khm.uio.no/om/organisasjon/styret/sakskart-og-protokoller/2018/innkallinger/071218/arsplan-2019-2021--ch.pdf>. Sist lasta ned 22.mai 2020.

Arkivkjelder

Brev fra kulturdepartementet til Kulturhistorisk museum, datert 9.juli 2007. Tilsendt fra Lars Groseth, KHM 27.april 2020

Notat fra Kulturrådet. Museenes samfunnsrolle, 2013.h

<https://www.kulturradet.no/documents/10157/239d827f-0d57-4cf-a0cf-fe8cc8eba7e3>. Sist lasta ned 28.mai 2020.

Liste over vedlegg

Vedlegg 1 Informasjonsskriv og samtykkeerklæring til respondentar til undersøkinga

Vedlegg 2 Spørjeundersøking til respondentar

Vedlegg 3 Skisse til intervjuguide, sendt til NSD med søknad¹⁰⁶

Oversikt over respondentar ved musea i utvalet og gjennomførte intervju

Namn på respondent	Institusjon	Stad for intervju	Dato for intervju	Dato for oppfølgingsintervju
Braut, Else	Maihaugen	Maihaugen, Lillehammer	26.februar	-
Mathisen, Kjell Marius	Maihaugen	Maihaugen, Lillehammer	26.februar	27.april (per e-post)
Dalen, Thea	Fjellmuseet i Lom	Fjellsenteret i Lom	4.mars	27.april (per e-post) I tillegg intervju 19.oktober 2019 per telefon

¹⁰⁶ Dette er overordna intervjuguide for å gi NSD oversikt over tematikk for intervju. Det var spørjeundersøkinga og svara frå respondentar på denne som var utgangspunkt/intervjuguide for kvart enkelt intervju i undersøkinga

Groseth, Lars	Kulturhistorisk museum	St.Olavsgt. Kulturhistorisk museum, Oslo	25.februar	27.april (per e-post)
---------------	------------------------	---	------------	--------------------------

Liste over forkortinger

ABM	Omgrep frå den politiske kulturpolitikken frå overgangen til 2000-talet: Arkiv, bibliotek og museum.
DKS	Den kulturelle skulesekken
ICOM	International Council of Monuments
KHM	Kulturhistorisk museum i Oslo
Meld.st.	Storingsmelding, framlegg frå regjering til stortinget. Same tyding som st.meld, brukt frå 2019.
NOU	Norsk offentleg utredning
St.meld.	Storingsmelding, framlegg frå regjering til stortinget. Brukt fram til 2019.
NSD	Norsk senter for forskingsdata

